



ÅRSRAPPORT 2020



MØRE BISKOP
MØRE BISPEDØMERÅD

INNHALD

DEL 1 – LEIARVURDERING	3
A Overordna vurdering av måloppnåinga	3
B Dei viktigaste prioriteringane i 2020	3
C Om ressursutnyttinga	3
DEL 2 – INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL	5
Innleiing	5
A Nøkkeltal pr. prosti og totalt	6
B Utvalde volumtal	7
C Nøkkeltal for årsrekneskapen	7
DEL 3 – ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT	8
Samandrag av resultat, måloppnåing og ressursbruk i 2018	9
Resultat og måloppnåing etter resultatmål og nøkkelindikatorar	
Hovudmål 1 Gudstenestelivet blomstrar	10
Hovudmål 2 Fleire søker dåp og trusopplæring	14
Hovudmål 3 Kunst og kulturuttrykk som del av kyrkjelivet	20
Hovudmål 4 Kyrkja engasjerer seg i samfunnet	23
Hovudmål 5 Fleire finn sin plass i kyrkjeleg arbeid	29
Hovudmål 6 Kyrkja har ein demokratisk og velfungerande organisasjon	30
Biskopen si verksemd	33
DEL 4 – STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA	37
A HMS/Arbeidsmiljø	37
B Likestilling	38
C Vurdering av risiko for misleghald	39
DEL 5 – VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER	40
DEL 6 – ÅRSREKNESKAPEN	43
Leiinga sine kommentarar inklusive rekneskapsrapportering	

Om tala: Kjelder og tal brukt i denne årsrapporten er henta frå Statistikkhefte utarbeidd av Kyrkerådet med tal frå SSB, medlemsregisteret for Den norske kyrkja, Løns og personalsystemet Aditro og rapporteringsmodul for trusopplæring. Eigne tal for Møre bispedøme, SSB og Fylkesstatistikk for Møre og Romsdal er også brukt.

Framsidedfoto: Rikke Grevstad Kopperstad

Vigsling av Ragnhild Danbolt Øygard til diakon - Herøy kyrkje 7/3-21.

Vigslinga var planlagt gjort i 2020, men vart utsett fleire gonger som følgje av Koronasituasjonen og smittevernreglar.

F.v: Diakon Astrid Oksavik Sve, prost i Søre Sunnmøre prosti Ingeborg Matre, diakon i Herøy Ragnhild Danbolt Øygard, biskop i Møre Ingeborg Midttømme, sokneprest i Herøy Solfrid Leinebø Seljås

DEL 1 – LEIARVURDERING

A Overordna vurdering av den samla aktiviteten i bispedømet

Møre bispedøme har, saman med Den norske kyrkja, ein visjon om «Meir himmel på jord» og at «Kyrkja vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og von i Jesus Kristus ved å vere vedkjennande, open, tenande og misjonerande».

2020 har vore eit år som har utfordra på mange vis. Visjonen gjeld, sjølv i møte med ei tid prega av smittevern. Rammer og føresetnader er endra og til dels nye og ukjende. Det har utfordra oss som enkeltmenneske og som fellesskap – som tilsett, folkevald og som kyrkjelyd.

Medlemsundersøkinga i 2020 viser at 83% av medlemmene i Møre har besøkt kyrkja fysiske eller digitalt dei siste 12 månadene. Andelen som ville valt dåp (84%), kyrkjeleg gravferd (82%), kyrkjeleg konfirmasjon (72%) og kyrkjeleg vigsel (65%) viser høg grad av deltaking.

Det er krevjande som kyrkje å ikkje kunne feire høgtidsdagar som påske, pinse og jul. Det gjeld og høgtidsdagar for den enkelte og nær familie som vil samlast til dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd.

Talet på fysiske gudstenester og deltaking i desse har gått ned, men er dels kompensert for med gjennomføring og deltaking i digitale gudstenester. Det same gjeld for dåp, konfirmasjon og gravferd. Det gjenstår å sjå om den viljen til deltaking som kjem fram i medlemsundersøkinga kan bli til aktiv handling, eller om vi må sette inn nye tiltak.

Det digitale nærværet har auka, og kyrkja er meir synleg i det offentlege rommet. Samstundes skjer det i ei tid der fleire andre aktørar også aukar dei digitale aktivitetane sine. Det fører til ein kamp om merksemd.

Det har vore auka fokus på psykisk helse og langtidsverknader av smittevern, besøksforbod, einsemd og arbeidsløyse. Diakonien har vore løfta opp, og det ligg til rette for samhandling mellom kommunen, frivillige organisasjonar og kyrkja på lokalt nivå.

Trusopplæringa og kunst- og kulturfeltet er særleg hardt råka av Covid-19-situasjonen. Vi må arbeide for og stimulere til at desse felta kan bli vitaliserte.

Det har vore eit utfordrande år for tilsette i kyrkjelydane. Saman med Kyrkjerådet og KA har biskop og bispedømeråd hatt nødvendig og tett kontakt med leiarar (prostar og kyrkjeveverar) og tillitsvalde og vernetenesta. Arbeidsmiljøundersøkinga i mai for prestar, prestar og tilsette ved bispedømekontoret var eit viktig reiskap for å kunne gjere endringar.

Det er utvikla rutinar og system for kyrkja si handsaming av kriser og katastrofar – som hendingar som verkar inn på delar av samfunnet og eigen verksemd. Pandemien viser at vi ikkje har vore tilstrekkeleg førebudde på ei krise som held fram over tid og rammar heile samfunnet. Samstundes har tida vist at det er evne og vilje til å tilpasse seg og gjere endringar på kort tid. Det har vore særleg utfordrande at kyrkja har hatt strenge grenser for «fastmonterte seter» og manglande fokus på konsekvensar.

Smittetrykket i Møre og Romsdal har vore lågt, med unntak av mindre lokale utbrot. Deltaking i Fylkesberedskapsrådet v/Statsforvaltaren har vore gjensidig viktig for samordning og informasjon. Kyrkja og innsatseiningane har komme nærare kvarandre.

Rekrutteringssituasjonen i bispedømet er framleis utfordrande, både til kyrkjeleg utdanning og til kyrkjeleg teneste – tilsette og frivillige. Vi ser no ein effekt av at fleire i Møre bispedøme tar utdanning til å bli prest samstundes som dei gjer teneste i vakante stillingar. Vi trur dette vil gjere rekrutteringssituasjonen lettare for bispedømet dei neste åra. Vi ser dessutan at godt

ungdomsarbeid bidrar til rekruttering, og ønskjer å understøtte kyrkjelydane i dette, i tillegg til bispedømet sitt arbeid med ungdomsdemokrati.

B) Om ressursutnyttinga

Møre bispedøme var for 2020 tildelt kr 108 mill. 75,7 mill. (ikkje medrekna pensjon) av midlane er nytta til drift og løn til 82,6 årsverk, der presteteneste utgjer 71 årsverk. Kr 32,2 mill. av tildelinga er tilskotsmidlar der 19,9 mill. går til tilskot til trusopplæring i kyrkjelydane. 11,5 mill. går som tilskot til 17 stillingar innan diakoni og 11 stillingar innanfor undervisning i kyrkjelydane. Elles 502.000,- til prosjekt finansiert via OVF-tilskot. Tilskot for 2020 er i balanse i høve til budsjett.

Møre bispedøme har i 2020 eit mindreforbruk/overskot i høve til tildeling/budsjett på kr 4.1 mill. Av dette gjelder 3 mill. for presteteneste og 1 mill. bispedømekontoret. Hovudårsaka er relatert til koronasituasjonen. Det er brukt mindre til fagsamlingar, stiftsdagar, kurs og reiseutgifter. Budsjetterte midlar til fast løn for prestar går i balanse. Det er brukt mindre i vikarutgifter i samband med sjukdom for både prestar og bispedømekontortilsette.


71,5% av ressursane som bispedømerådet forvaltar er driftsmidlar, resterande 28,5% er tilskotsmidlar. 91,5% av budsjettet for prestar går til løn. Ser vi verdien av løn til prestestillinger i samanheng med tilskot til trusopplæring og stillingar diakoni/undervisning, så har det i 2020 gått 89,2 mill. eller 82,6% av dei tildelte ressursane til den lokale kyrkja i Møre.

I Møre bispedøme er det 95 sokn, og variasjonane mellom sokna er store, både geografisk og demografisk. Avgjerd om fordeling av ressursar i bispedømet blir gjort av bispedømerådet.

Molde 12. mars 2021



Ingeborg Midttømme
biskop




Ann-Kristin Sørvik
leiar

DEL 2 - INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

Møre bispedøme er i geografi samanfallande med Møre og Romsdal fylke som etter kommunereforma har 26 kommunar. Møre biskop og Møre bispedømeråd er del av rettssubjektet Den norske kyrkja og er på nærare bestemte område også underlagde Kyrkjemøtet. På lokalt nivå er soknet rettssubjekt, representert ved sokneråd og kyrkjeleg fellesråd.

Møre bispedøme er eitt av Den norske kyrkja sine 11 bispedøme. Bispedømet vart oppretta i 1983, og er det yngste bispedømet i Noreg. Det vart til ved ei deling av bispedøma Nidaros og Bjørgvin. Bispedømerådet i Møre har 10 medlemmer (7 leke, 1 prest, 1 lek kyrkjeleg tilsett og biskop), som saman med dei andre bispedømeråda utgjer Kyrkjemøtet. Biskopane utgjer til saman Bispemøtet. Møre bispedøme var fram til 31/12-19 delt inn i 7 prosti, 32 fellesråd og 96 sokn. Frå 1/1-20 er inndelinga endra til 6 prosti, 25 fellesråd (eitt av fellesråda omfattar to kommunar) og 95 sokn.



Møre biskop og Møre bispedømeråd er kvar for seg formelle kyrkjelege organ, med felles administrasjon lokalisert i Molde og med stiftsdirektøren som dagleg leiar.

Bispedømerådet skal ha merksemd på alt som kan bli gjort for å vekke og nære det kristelege livet i kyrkjelydane. Rådet skal også fremme samarbeid mellom dei enkelte sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømet. Bispedømerådet fordeler statlege tilskot til trusopplæring og særskilte stillingar innan kyrkjeleg undervisning og diakoni. Bispedømerådet kan opprette og legge ned stillingar innanfor tildelt ressursramme. Bispedømerådet tilset prostar, kyrkjelydsprestar og fengselsprestar. I tillegg er bispedømerådet gitt arbeidsgjevarmynd for dei tilsette på bispedømekontoret. Biskopen leiar prestetenesta og har tilsynsansvar med kyrkjelydane og tilsette i bispedømet.

2.1 Overordna mål

Bispedømerådet og biskopen har lagt til grunn dei måla og føringane som er gjevne av departementet, Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet (sjå side 8). Visjonsdokumentet, strategiplan 2019 - 2021 og årsplanen for Møre bispedøme ligg også til grunn for verksemd og aktivitetar.

A) Nøkkeltal pr prosti

Tabell 2.1: Kyrkjemedlemer og innbyggjarar fordelt på prostia 2018 - 2020

Prosti	Medl 2020	Medl 2019	Medl 2018	Diff medl 2019 - 2020	Diff medl 2018 - 2019	Diff medl 2017 - 2018	Tal Innbygg- jarar 2020	Tal innbygg- jarar 2019	Tal innbygg- jarar 2018	Diff innb 2019 - 2020	Diff innb 2018 - 2019	Diff innb 2017 - 2018
Molde domprosti	39092	36072	33312	3020	2760	-292	48709	47019	43597	1690	3422	53
Søre Sunnmøre	39191	37883	38154	1308	-271	-144	49712	48360	48401	1352	-41	22
Austre Sunnmøre	-	16887	17076	-	-189	-233	-	21730	21828	-	-98	-43
				16887								
Nordre Sunnmøre	73696	55902	55885	17794	17	-32	99165	75803	75050	23362	753	772
Indre Romsdal	11431	13868	14015	-2437	-147	-115	13984	16929	16979	2945	-50	-33
Ytre Nordmøre	27626	27494	30758	132	-3264	-354	35503	35810	39243	-307	-3433	-121
Indre Nordmøre	15470	18586	18767	-3116	-181	-169	18471	22176	22322	-3705	-146	-86
Sum alle prosti	206506	206692	207967	-186	-1275	-1339	265544	267641	267420	-2097	221	564

Tabell 2.2: Inn- og utmeldingar 2018 - 2020

Prosti	Innm 2020	Innm 2019	Innm 2018	Endr innm 2019 - 2020	Endr Innm 2018 - 2019	Endr Innm 2017 - 2018	Utm 2020	Utm 2019	Utm 2018	Endr utm 2019 - 2020	Endr Utm 2018 - 2019	Endr Utm 2017 - 2018
Molde domprosti	11	29	19	-18	10	-10	117	135	98	-18	37	-41
Søre Sunnmøre	12	33	25	-21	8	-14	103	136	95	-33	41	-147
Austre Sunnmøre	-	13	12	-13	1	-2	-	45	41	-45	4	-16
Nordre Sunnmøre	47	23	29	24	-6	6	202	228	137	-26	91	-99
Indre Romsdal	6	17	3	-11	14	-4	28	38	26	-10	12	-17
Ytre Nordmøre	18	19	8	-1	11	-5	89	111	92	-22	19	-16
Indre Nordmøre	4	20	4	-16	16	-7	39	36	38	3	-2	-14
Sum alle prosti	98	154	86	-56	54	36	578	729	527	-178	203	-263

- 1.1. 2019 blei kommunen 1567 Rindal flytta frå Møre og Romsdal til Trøndelag, og 1.1.2020 blei Rindal sokn flytta frå Møre bispedøme til Nidaros.
- 1.1.2020 blei kommunen 1571 Halså flytta frå Møre og Romsdal til Trøndelag, og Halså sokn flytta frå Møre bispedøme til Nidaros
- 1.1.2020 blei kommunen 1444 Hornindal flytta frå Sogn og Fjordane/Vestland til Møre og Romsdal, og Hornindal sokn flytta frå Bjørgvin bispedøme til Møre bispedøme.
- Frå 1.1.2020 blei Nordre Sunnmøre prosti og Austre Sunnmøre prosti slått saman.

- Frå 1.1.2020 blei Nesset kommune slått saman med Molde kommune og dei 4 sokna i Nesset flytta frå Indre Romsdal prosti til Molde domprosti
- Frå 1.1.2020 blei Sandøy sokn flytta frå Molde domprosti til Nordre Sunnmøre prosti
- Frå 1.1.2020 blei Storfjorden kyrkjelege fellesråd delt. Ørskog og Skodje gjekk til nye Ålesund. Stordal og Norddal (nye Fjord) og sokna i Stranda er att i Storfjorden kyrkjelege fellesråd.

B) Utvalde volumtal

Tabell 2.3: Volumtal for gudstenester og kyrkjelege handlingar

Møre bispedøme	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Tal døypte	1496	1755	1687	1905	1872	2 175
Tal konfirmerte	1623	2528	2469	2502	2 688	2 738
Tal kyrkjelege vigslar	276	370	404	427	419	479
Tal kyrkjelege gravferder	1981	2152	2126	2129	2 129	2 198
Tal gudstenester totalt	3040	3697	3714	3749	3 765	3 668
Samla tal gudstenestedeltakarar	162 622	353 667	366 697	371 274	387 952	388 863

C) Nøkkeltal frå rekneskapen

Tabell 2.4: Nøkkeltal frå årsrekneskapen

Nøkkeltal for årsregneskapet	2018	2019	2020
Tal på årsverk	87,1	82,3	82,6
-av dette presteteneste	73,5	73,2	71
Samlet tildeling budsjettgruppe 1A	76 350	77 848	75 703
Netto driftskostnader	74 288	75 601	71 670
Lønsandel av driftskostnader	90,9%	89,7%	92,0%
Andel løn brukt i prestetenesta	79,9%	78,7%	81,3%
Lønskostnader pr årsverk (hele tusen)	776	824	798

Tal som gjelder prestetenesta er inkl. biskopen.

Lønsandel og lønskostnader er inkl. andre personalkostnader (kontogruppe 59*).

Det er i 2020 gjort ny utrekning av nøkkeltal for 2018 og 2019 slik at tala er meir samanliknbare.

DEL 3 – ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT

Innleiing

Hovudmålet er å støtte opp under Den norske kyrkja i samsvar med Grunnlova § 16: «Alle Indvaanere av Riget have fri Religionsøvelse. Den norske Kirke, en evangelisk-luthersk Kirke, forbliver Norges Folkekirke og understøttes som sådan af Staten...»

Dei fire hovudmåla som Møre bispedøme har arbeidd etter går fram av statsbudsjettet vedtatt av Stortinget:

- Den norske kyrkja skal vere ei landsdekkande, lokalt forankra kyrkje.
- Den norske kyrkja skal ha oppslutning som stadfester karakteren som folkekyrkje.
- Den norske kyrkja skal formidle evangelisk-luthersk tru og tradisjon og tilby trusopplæring til alle døypte barn.
- Den norske kyrkja skal vere organisert i samsvar med demokratiske prinsipp og verdier

Møre bispedømeråd hadde desse satsingsområda i 2020:

- Dåp, Rekruttering og Kyrkje på nett.

Møre bispedømeråd hadde desse fokusområda i 2020:

- Diakoni, Kultur (inkl. kystpilegrimsarbeid), Frivilligheit, Kyrkja i det fleirkulturelle samfunnet/dialogarbeid og Skule/Kyrkje-samarbeid.

Som grunnlag for vurdering av måloppnåing har Kyrkjerådet nærare definert resultatmål med tilhøyrande indikatorar slik:

1. Gudstenestelivet blomstrar
2. Fleire søker dåp og trusopplæring
3. Kunst- og kulturuttrykk er ein del av kyrkjelivet
4. Kyrkja engasjerer seg i samfunnet
5. Rekruttering og frivilligheit
6. Bemanning – presteskap og administrasjon

Vi viser òg til Møre bispedøme sitt visjonsdokument på siste sida av årsrapportdokumentet.

A - Bispedømet sin samla aktivitet i 2020. Samandrag av resultat, måloppnåing og ressursbruk.

I Møre bispedøme er det i 2020 gjennomført 3040 gudstenester, 1621 dåpshandlingar, 2074 konfirmasjonar, 276 vigslar og 1981 gravferder. Det er gjennomført i snitt 141 timar med trusopplæring i kyrkjelydane.

Til dette er det nytta 71 årsverk i presteteneste i tillegg til kyrkjelydane sine egne personalressursar og frivillige. I tillegg er det brukt ressursar til kyrkjeleg administrasjon for å understøtte dei kyrkjefaglege og personalfaglege områda for kyrkjelydar og for biskop og bispedømeråd med til saman 11,2 årsverk. Totale driftskostnader er på kr 76,4 millionar. Det er gitt 19,6 millionar i tilskot til trusopplæring og 10,8 millionar i tilskot til kateket og diakonstillingar i kyrkjelydane.

I kapitlet framover vil vi gå nærare inn i resultatmåla for dei enkelte områda, vurdere måloppnåing og gjere greie for tiltak og eventuelle endringar i tiltak og strategi. Ei samla oversikt over mål, nøkkelindikatorar og endring frå 2019 til 2020 ligg på neste side.

Oversikt over utvikling utvalde resultatmål 2019 – 2020 Møre bispedøme

Strategiske mål:	Resultatmål:	Nøkkellindikator:	2019	2020	Endr	
1. Gudstenestelivet blomstrar	1.Vekst i tal deltakarak pr. gudsteneste.	Gudstenestedeltaking tal deltakarak	96,6	53	-43,6	
		Gudstenestefrekvens	46,5%	42%	- 4,5	
	2.Fleire vel kyrkjeleg vigsel.	Tal vigslar	370	276	- 94	
	3.Oppslutninga om kyrkjeleg gravferd blir halde oppe.	Tal kyrkjelege gravferder	2175	1981	- 69	
	4.Fleire kyrkjelydar inkluderer samisk språk i gudstenestelivet.	Tal kyrkjelydar som inkluderer samisk språk i lokal gudstenesteordning	0	2	2	
2. Fleire søker dåp og trusopplæring	1.Oppslutninga om dåp blir halde oppe.	Tal døypte barn	1721	1496	-225	
	2.Oppslutninga om trusopplæringstiltaka er stabil.	Deltakardel i utvalde, landsomfattande tiltak	52%	54%	2%	
	3.Oppslutninga om konfirmasjon blir halde oppe.	Konfirmerte av døypte 15-åringar	91%	91,4%	-0,4%	
3. Kunst- og kulturuttrykk er ein del av kyrkjelivet	1.Vekst i tal deltakarak på konsertar og kulturarrangement	Tal deltakarak på konsertar/kulturarrangement i kyrkjene	99 461	19 186	-81%	
	2.Fleire opne kyrkjer	Tal opne kyrkjer	39	45	15%	
4. Kyrkja engasjerer seg i samfunnet	1.Fleire kyrkjelydar med diakonal betening	Del kyrkjelydar med diakonal betening	51%	46,3%	-4,7%	
	2.Fleire kyrkjelydar tilbyr fellesskap til nye i Noreg	Tal kyrkjelydar med tilbod i samband med integreringsarbeid	20	20	-	
	3.Arbeid med religionsdialog blir styrkt.	Tal fora for religionsdialog	0	1	1	
	4.Kyrkja sitt digitale nærvær aukar.	Tal SoMe-kanalar. Tal følgjarar pr. kanal og postar pr. veke pr. kanal	14 669	18285	24,6%	
	5.Kyrkja er synleg på fleire arenaer i det offentlege rom.	Tal artikkeltreff på 'Dnk' i radio, TV, print, nettaviser. Tal frukostseminar/anna	3254	2829	-425	
	6.Samarbeidet kyrkje/skule blir styrkt.	Tal barnehage- og skulegudstenester	270	155	-43%	
5. Fleire finn sin plass i kyrkjeleg arbeid	1.Rekruttering til vigsla stillingar blir styrkt.	Tal vigslingar	6	8	2	
	2.Flere blir engasjerte til frivillig teneste i kyrkja.	Tal frivillige	6354	4868	- 23%	
	3.Kyrkjelege medarbeidarar trivst i jobben.	Medarbeidarundersøkingar/sjukefråvær	3,1%	5,8%	- 2,7%	
	4.Tilbod for unge i kyrkjelydane blir styrkt.	Tal deltakarak på tilbod for 13-17år/ 18-30år	47/ 7	39/ 10	-17% 43%	

Resultat og måloppnåing 2020

B1: HOVUDMÅL 1: Gudstenestelivet blomstrar

Resultatmål 1.1: Vekst i talet på deltakarar pr. gudsteneste

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) - At kristen tru og kristent liv regelmessig blir fremja gjennom gudstenester, kyrkjelege handlingar, sjelesorg og vegleiing
- B) - At born kjenner seg heime

Dei viktigaste tiltaka:

- A) – God leiing av prestetenesta gjennom prost og i vegleiing frå bispedømekontor.
- B) – Fokus på inkludering i gudstenesteførebuinga
- C) – Revisjon/godkjenning av lokal grunnordning
- D) - Stimulere til bruk av nye kommunikasjonskanalar

Måloppnåing ved nøkkelindikatorar: Gudstenestefrekvens/deltaking

Tabell 3.1 Tal gudstenester og gudstenestedeltaking, søn- og heilagdag

	Gudst. søn- og heilagdag		Deltakarar		Gjennomsnitt tal deltaking	
	2020 (2019)	%-endring	2020 (2019)	%- endring	2020 (2019)	%-endring
Møre totalt	2356 (2897)	-19%	127218 (268370)	-53%	54 (93)	-42% (0)

Tabell 3.2 Gudstenestedeltaking, alle gudstenester

	Gudst. alle dagar		Deltakarar		Gjennomsnitt tal deltaking	
	2020 (2019)	%-endring	2020 (2019)	%- endring	2020 (2019)	%-endring
Møre totalt	3040 (3697)	-18%	162662 (353667)	-54%	53 (96)	-44% (0)

I tillegg er det i 2020 strøyma 263 gudstenester med 90612 deltakarar som har følgd minst 85% av den strøyma gudstenesta.

Tabell 3.2 Gjennomsnittleg gudstenestefrekvens på søn- og helgedagar

Prosti	Tal sokn	Tal gudst 2018	Tal gudst 2019	Tal gudst 2020	Gudst-frekvens 2018	Gudst-frekvens 2019	Gudst-frekvens 2020
Møre Total	91* (95)	2951	2902	2356	52.0%	46,5%	42%

Ressursbruk:

Gjennom året har ressurstilgangen vore stabil. Sjølv om det er ein del vakansar i bispedømet, har dette i liten grad gått ut over gudstenestetilbodet. Ingen stabar har vore indisponerte på grunn av smitte eller karantene. Vi har vore heldige. God hjelp frå ein del vitale prestepensjonistar har gitt vikarar til einskildtenester og i ledige stillingar. Saman med ein del prestevikarar under utdanning har desse med stor integritet dekkja vakante stillingar.

Vurdering av måloppnåing:

Målet er ikkje nådd. Det er ein betydeleg nedgang i talet på gudstenester, og talet på deltakarar er meir enn halvert. Dette vurderer vi i hovudsak å vere relatert til koronapandemien. I tillegg ser vi at gudstenestefrekvensen fortset den negative utviklinga frå siste år, og er no nede i 42%, som saman med Hamar er den lågaste i landet. Sidan kommunereforma har ført til omfattande grensejusteringar i bispedømet, er det vanskeleg å måle den prostivise endringa med omsyn til gudstenestedeltaking. Målt i høve til dei andre bispedøma ser vi at Møre plasserer seg om lag på gjennomsnittet. Det er område i Møre som har altfor sjeldan gudsteneste, og fleire av desse kyrkjelydane utfordrar biskopen til å setje inn større ressursar.

Rambøll sine undersøkingar av den digitale aktiviteten i kyrkjelydane, viser at ein del har strøymd gudstenester, medan mange har laga digitale gudstenester og sendt desse i opptak. Trass i at få har fått lov til å ta del i gudstenesta, har likevel talet på fysiske gudstenester vore imponerende høgt. (82% i perioden 12/3-15/6).

Med omsyn til samarbeid innan fellesråd/prosti/mellom kyrkjelydar, kunne ein kanskje tenkje seg at fleire innanfor same område planla og gjennomførte digitale arrangement. Fleire i 2. halvår enn i vårmånadane oppgir at dei ikkje har samarbeidd med andre (42% mot 24%). Desse tala støttar opplevd situasjon, og konkluderer, litt overraskande, med at ikkje fleire kyrkjelydar har samarbeidd og nytta kvarandre sine ressursar. Vi vurderer det slik at samarbeid i tilsette sitt tenestedistrikt bør utviklast, både slik at dei minste kyrkjelydane ikkje blir borte, og for at særleg kompetanse kan kome alle kyrkjelydane i eit område til gode. Både prostar og kyrkjeverjer har handlingsrom til å realisere slik samhandling.

Over 90% av kyrkjelydane nyttar eigne Facebook-sider (90% og 96%) til å kunngjere eigne arrangement, og 82% og 74% har eigne nettsider. Mange (62%) har også eigen YouTube-kanal. Dette er ganske høge tal, og kyrkjelydane brukar store ressursar på å vere digitale. Samstundes er inntrykket at dei ikkje har store ambisjonar på eigne vegne, utover at dei digitale sendeflatene skal kunne kommunisere med kjernetroppane. Dei mange gode digitale sendingane er i liten grad kringkasta gjennom sams portal (bispedømet si nettside, eller nettsida skjerikirken.no.). Kyrkjelydane kunne hatt mykje større frimot til å fremje eigne produksjonar, ikkje minst når ein har fått fram så høg kvalitet på sendingane som mange har greidd.

Sokn: Tal medlemmer	Tal sokn
< 500	25
500 - 1000	16
1000 - 2000	24
2000 - 5000	18
5000 - 10000	11
17929	1

Møre bispedøme har 95 sokn. Medlemstalet varierer frå 64 medlemmer til 17900 medlemmer i soknet. 26% av alle sokn har under 500 medlemmer, 40% av alle sokn under 1000 medlemmer.

Resultatmål 1.2: Fleire vel kyrkjeleg vigsel

Dei viktigaste suksessfaktorane:

– Kyrkja har høg kvalitet og relevant formidling av vigsel

Dei viktigaste tiltaka:

– Bidra i nasjonal kampanje

Måloppnåing ved nøkkelindikator: Tal vigsler

Kyrkjeleg vigsel i Møre er redusert med 25% frå 2019 til 2020. I Møre var andel kyrkjeleg vigsel i 2019 43,2%. I 2020 39,2%.

For kyrkja totalt er andelen kyrkjeleg vigsel i 2019 31,2% mot 27% i 2020. Talet på vigsel totalt er redusert med 17,7%.

Vurdering av måloppnåing:

Målet er ikkje nådd. Dette er ein vesentleg nedgang. Koronapandemien stoppa planlagd deltaking i nasjonal vigselskampanje. Og avgrensingar i talet på deltakarar ved vigsle har ført til at mange planlagde bryllaup i 2020 er utsett. Mange har alt tinga ny dato i 2021, så ein håpar at ein del av vigselsnedgangen i 2020 kan bli kompensert med høgare tal i 2021 og 2022.

Endring i tiltak:

Nasjonal kampanje må bli supplert av lokal informasjon og kontakt.

Resultatmål 1.3 Oppslutninga om kyrkjelege gravferder blir halden oppe

Dei viktigaste suksessfaktorane:

– Etterlatne blir møtt med omsorg og opplever ei verdig gravferd

Dei viktigaste tiltaka:

-Kvalitet i arbeidet med gravferd

-Måloppnåing ved nøkkelindikator: Tal gravferder

Møre	Tal døde i befolkninga	Tal kyrkjeleg gravferd	%-endring	Del kyrkjeleg gravferd
2018	2 243	2 106		93,9%
2019	2 290	2 152	2,1%	93,9%
2020	2 180	1 981	- 9 %	90,9%

Ressursbruk:

Smitteverntiltak har ført til at fellestrådet har brukt mange ekstra ressursar ved gjennomføring av gravferd. I tillegg har forventning om digitalisering av tenestene også ført til at ein har hatt behov for ekstra materielle og personale ressursar. Utan at nokon statistikk kan stadfeste dette, så er nok den samla ressursbruken ved gjennomføring av gravferd monaleg siste året.

Vurdering av måloppnåing:

Målet er ikkje nådd. Det er paradoksalt at talet på døde går ned under pandemien. For Møre og Romsdal ein nedgang på 5%. Truleg skuldast nedgangen god hygiene og effektive smittevernreglar, slik at dødsfall som konsekvens av smitte er redusert. Andelen kyrkjeleg gravferd er redusert med 3%-poeng. Dette gir ei total nedgang i kyrkjeleg gravferd på heile 9% - oppsiktsvekkjande og høgast i landet.

Året har ført til store og omfattande endringar av gjeldande gravferdspraksis. Restriksjonar på kor mange som kan vere til stades, har skapt nye måtar å halde kyrkjeleg gravferd på; ikkje minst ser ein at gravferdsbyråa har teke større hand om seremonien enn tidlegare, ved å tilby strøyming av gravferda til deltakarar som ikkje kunne vere til stades i kyrkja. Det er også grunn til å tru at store kyrkjer med plass til fleire hundre kan ha blitt vald bort som gravferdsstad når berre 50 eller færre får vere til stades. T

Vi trur også at prestar og kyrkjeleg tilsette som ikkje har høve til å gjennomføre sørgebesøk i heimen, kan føre til omlegging av sørgeamtale og endring i oppslutning av kyrkjeleg gravferd. Vi har og grunn til å tru at pandemien med restriksjonar for bruk av kyrkja har bidratt til at fleire har valt private seremoniar i andre lokale utan kyrkjeleg deltaking.

Eventuell endring av tiltak:

Folkekyrkja har tradisjonelt verkeleg vore ei folkekyrkje i møte med død og gravferd. Dersom restriksjonar endrar måten gravferder blir førebudd og gjennomført på, blir det ei utfordring å vinne tilbake oppslutninga når ein på nytt kan samlast fritt. Vi føler og med den som ønskjer å følge ein ven eller nabo til det siste, men som av omsyn til smittevernreglar ikkje blir prioritert av familien. Det kan sette seg fast i folk at det også i tida etter korona kan bli slik at næraste familie fastsetter kven som skal få følge i gravferda.

Det er difor nødvendig å ha auka merksemd på utviklinga og gjere nødvendige tiltak, ikkje rekne med at alt går tilbake til det som var. Vi meiner det særleg er nødvendig med auka informasjon om kva kyrkjeleg gravferd er og kan vere og sikre god samhandling med gravferdsbyråa.

Resultatmål 1.4 Fleire kyrkjelydar inkluderer samisk språk i gudstenestelivet

Dei viktigaste suksessfaktorane:

-Kyrkjelydar er bevisste på samiske merkedagar.

Dei viktigaste tiltaka:

-Framheve samiske merkedagar og ressursmateriale på samisk på nettsider og i SoMe

-Måloppnåing ved nøkkelindikator:

Bispedømme	Gudstenester med samisk innslag		Tal sokn med samisk språk i ordning for gudstenesta	Tal sokn med samisk språk i lokal TOP	Tal sokn
	Tal sokn	Tal gudst.			
Møre 2019	3	3	0	0	96
Møre 2020	2	2	1	0	95
Nasjonalt 2019	192	3450	141	73	1193
Nasjonalt 2020	184	3543	139	88	1164

Vurdering av måloppnåing:

Målet er delvis nådd.

Det er eit auka medvit i sokna på at fleire har samisk identitet. Nordmørsprostia og Indre Romsdal prosti dekker også område som tradisjonelt har hatt innslag av samisk busetnad.

Eventuelt endring av tiltak:

I samband med justering av hovudgudstenesta og innføring av ny lokal grunnordning er fleire sokn/kyrkjelydar utfordra til å arbeide inn element på samisk. I domkyrkja lyder også den samiske velsigninga ved utgangen på gudstenester på høgtidsdagar.

B2: HOVUDMÅL 2: Fleire søker dåp og trusopplæring

Resultatmål 2.1 Oppslutninga om dåp blir halden oppe

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A. At foreldre vel å døype barna sine/ styrke oppslutning om dåp
- B. Kvalitet, kvantitet og samanheng i lokal trusopplæring
- C. Invitere og legge til rette for dåp gjennom målretta informasjonsarbeid
- D. Medarbeidarar med kompetanse og god dåpspraksis

Dei viktigaste tiltaka

- A. Gjere « Dåpssatsing 19 - 21» som ein del av dåpssatsinga i Møre bispedøme saman med Møre sitt eige «dåpsprosjektet»
- B. Motivere tilsette og kyrkjelydar til å fokusere på dåp og arbeide for fleire arenaer for dåp
- C. Fokus på dåp, truspraksis og kommunikasjon i heim og kyrkje
- D. Fokus på dåp i stiftsdagar, fagsamlingar og visitasar
- E. Dåp som integrert del av trusopplæringa

Måloppnåing ved nøkkelindikatorar: Tal døypte barn

A)Tabell: Utviklinga i talet på døypte:

Møre	Dåpskull	Døypte	Dåpshandlingar	Døypte i eige bustadsokn	Døypte i anna bustadsokn	Andel døypte
2017	2737	1925	2086	1347	739	70,6%
2018	2621	1755	1878	1176	702	64,4%
2019	2556	1692	1828	1170	658	67%
2020	2487	1496	1621	1001	602	60%

Vurdering av måloppnåing:

Talet på døypte går ned, og slik sett er målsettinga ikkje nådd. Vi meiner dette bør nyanserast ved å samanlikne fleire faktorar, først andelen døypte av andel fødde

B) Fødde og døypte i 2020 prostivis

Søre Sunnmøre prosti		Nordre Sunnmøre prosti		Indre Romsdal prosti		Molde domprosti		Indre Nordmøre prosti		Ytre Nordmøre prosti	
Kommune	Fødde i 2020	Kommune	Fødde i 2020	Kommune	Fødde i 2020	Kommune	Fødde i 2020	Kommune	Fødde i 2020	Kommune	Fødde i 2020
Hareid	55	Ålesund	657	Vestnes	60	Molde	314	Sunndal	54	Kristiansund	186
Volda	104	Giske	99	Rauma	67	Aukra	20	Surnadal	40	Averøy	51
Ørsta	101	Sula	101			Hustadvika	122	Gjemnes	22	Aure	30
Sande	23	Sykkylven	58					Tingvoll	20	Smøla	22
Vanylven	17	Stranda	35								
Herøy	81	Fjord	19								
Ulstein	85										
Sum fødte	466		969		127		456		136		289
Døpte	345		507		99		265		120		160
Andel døpte	74%		52,32%		77,95%		58,11%		88,24%		55,36%
Totalt fødte i Møre bispedømme											2443
Totalt døpte i Møre bispedømme											1496
Andel døpte											61,24%
Dåpskull, Medlemsregisteret, SSB											2487

C)

Døpte av fødte pr. prosti 2018 -2020									
	Dåpskull			Døpte			Andel døpte		
	2020	2019	2018	2020	2019	2018	2020	2019	2018
Prosti									
Søre Sunnmøre	466	518	482	345	403	330	74%	77,8%	68,5%
Nordre Sunnmøre	969	756	846	507	478	549	52,32%	63,2%	64,9%
(Austre Sunnmøre)		190	206		103	113		54,2%	54,9%
Molde domprosti	456	475	274	265	277	224	58,11%	58,3%	81,8%
Indre Romsdal	127	153	145	99	122	123	77,95%	79,7%	84,8%
Indre Nordmøre	136	165	184	120	159	142	88,24%	96,4%	77,2%
Ytre Nordmøre	289	299	304	160	150	206	55,36%	50,4%	67,8%
Møre bispedømme	2443 (2487)	2556	2621	1496	1701	1687	61,24% (60%)	66,2%	64,4%

Dåpstala i Møre bispedømme går ned, men mindre prosentdel i landprostia enn i byprostia våre. Noko av årsaka kan ligge i aukande sekularisering og at fleire ulike trusretningar er representerte i folketalet. Vi ser at delen medlemmer som vel å døype ligg på 88% i Møre. Frå 2019 til 2020 er det ein liten nedgang av tal på døpte i alle prostia med unntak av Ytre Nordmøre.

Det er ein samanheng mellom talet på gudstenester, gudstenester med dåp og det faktiske talet på døpte.

- Fokus og systematisk arbeid i høve til dåp må prioriterast, og gode haldningar og kunnskap må innarbeidast.
- Føresette må få frimod og kunnskap om dåp og oppleve kyrkja som tilgjengeleg og relevant.
- På eit overordna nivå er det behov for kunnskap om utviklingstrekk og haldning til dåp, og det må vere samanheng mellom dåp og trusopplæringstiltak. Forventningar, kunnskap, kompetanse og ressursar må leggjast til rette og ein lyt stimulere til god praksis.

- Liturgisk må ein arbeide med ulike rammer og reflektere rundt tilrettelegging i hovudgudstenesta, eigne dåpsgudstenester, liturgi for påskennattsgudsteneste med dåp og erfaringsdeling.
- Pedagogisk må ein arbeide med dåpssamtalen og korleis dåp vert tematisert i samband med trusopplæringstiltak. Eit fokus på ressursutvikling og erfaringsdeling i samband med dåpsopplæring for ungdommar og vaksne vil òg vere viktig.

Fleire av kyrkjelydane våre følgjer opp dåpsprosjektet vi har hatt sidan 2017 og gjer særskilte tiltak for å gjere terskelen til dåp lågare – både økonomisk og praktisk med utlån av dåpskjolar, og med ei brei involvering av tilsette og frivillige i ulike tenestegrupper.

I Koronatid har mange kyrkjelydane har gitt tilbod om særskilte dåpsgudstenester tilpassa den enkelte familie. Mange har takka ja og vi ser at talet på dåp pr prest ikkje er vesentleg redusert. Samstundes har mange valt å utsette dåp grunna smitteverntiltak. Det er ei fare for at denne utsettinga er permanent og at dei ikkje kjem tilbake. Det må difor gjerast tiltak som gjer at terskelen for å kome til dåp blir låg.

Resultatmål 2.2 Oppslutninga om trusopplæringstiltaka er stabil

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- Aktiv bruk av trusopplæringsplanar
- Kvalitet og kvantitet i lokal trusopplæring

Dei viktigaste tiltaka:

- Tverrfagleg samarbeid i stab
- Tydeleg ansvarsdeling
- Kunnskap om nettressursar og digitale hjelpemiddel
- Kvalitativ god kommunikasjon og informasjon ut til kyrkjelydane
- God rettleiing og rådgeving

Måloppnåing ved resultatindikatorar: Deltakardel i utvalde, landsomfattande tiltak

Møre	2020			2019			2018			2017		
	Døypte i målgru ppa	Delta karar	%	Døypte i målgru ppa	Delta karar	%	Døypte i målgru ppa	Deltak arar	%	Døypte i målgru ppa	Delta karar	%
Dåpssamtale	1548	1399	90%	1631	1448	89%	1651	1653	100%	1899	1828	96%
4 årsbok	1665	874	52%	2015	1075	53%	2064	1106	54%	2122	1233	58%
Breidde tiltak reta mot 6 år	1889	650	34%	2008	841	42%	2337	858	37%	2705	995	37%
Tårnagent helg	1174	351	30%	2213	727	33%	2265	726	32%	2307	806	35%
Lys Vaken	1161	174	15%	2342	659	28%	2234	679	30%	2369	832	35%
Konfirmasjon	2284	2074	91%	2688	2442	91%	2619	2370	90%	2671	2597	97%
Etter konfirmasjon	672	74	11%	1141	137	12%	827	211	26%	3628	303	8%
Totalt	10393	5596	54%	14038	7329	52%	13997	7603	54%	17701	8594	49%

Prosentvis, totalt sett, har vi betre oppslutning i 2020 enn i 2019! Men det er individuell forskjell mellom tiltaka og dei fleste har ein prosentvis nedgang. Særleg gjeld dette tiltaka som er retta mot dei større barna, frå 8 – 18 år, og vi må nok delvis legge skulda på covid -19. Dette er ei gruppe som gradvis vert meir sjølvstendige og som aktivt kan ta del i digitale opplegg.

Kanskje er tida inne for samarbeid på tvers av sokna og ein revisjon av dei eksisterande undervisningsopplegga?

Tabellen under viser prosentvis dei nasjonale endringane målt mot Møre bispedøme sine tal. Det uroar at vi i 2020 har prosentvis lågare deltaking ved dåpssamtale enn landsgjennomsnittet.

2020	Møre bispedøme			Nasjonalt		
	Døyppte i målgruppe	Deltakarar	Prosent	Døyppte i målgruppe	Deltakarar	Prosent
Dåpssamtale	1548	1399	90%	22227	22374	101%
4 årsbok	1665	874	52%	28940	11084	38%
Breiddetiltak retta mot 6 år	1889	650	34%	25705	7402	29%
Tårnagent helg	1174	351	30%	24650	5738	23%
Lys Vaken	1161	174	15%	14919	3152	21%
Konfirmasjon	2284	2074	91%	40992	32613	80%
Etter Konfirmasjon	672	74	11%	23794	2360	10%
Totalt	10393	5596	54%	181227	84723	47%

Ressursbruk:

Møre bispedøme har éin tilsett undervisningsrådgjevar. I tillegg blir det gitt tilskot til alle kyrkjelydar i samband med trusopplæring jf. Del 6

Vurdering av måloppnåing:

Vi vurderer at målsetting om stabil oppslutning om trusopplæringstiltaka er nådd. Total oppslutning går opp med 2 prosentpoeng frå 2019, og er på same nivå som i 2018. Dei største endringane er i breiddetiltaka for seksåringar, Tårnagenthelg og Lys Vaken. Delvis skuldast dette nok covid-19. Elles er det høg deltaking i konfirmasjon og dåpssamtalar. Jamn kontakt gjennom dialogsamtalar med stabar/trusopplæringsmedarbeidarar er eit viktig grunnlag for måloppnåing og for å forstå og bidra til lokal gjennomføring.

Kyrkjelydane har i 2020 måtte tilpassa trusopplæringsarbeidet til dei rådande statlege anbefalingane. Samla ser vi at 8,9% av dei planlagde undervisningstimane aktivt vart tilpassa koronasituasjonen, samstundes vart 24% avlyst (tabell 1). Det er flott og sjå at fleire einingar har vore kreative og endra undervisninga og samarbeidd på tvers av soknegrensene. Fleire melder at dei ønsker meir kunnskap om digital undervisning og om korleis dei best mogleg kan utnytte potensialet som ligg i digitale hjelpemiddel. Dette syner igjen i Rambøll II-statistikken, der det kjem fram at det berre er halvparten av prostia (Indre Nordmøre, Nordre Sunnmøre og Søre Sunnmøre) som har hatt digitale undervisningsopplegg/ digitale arr., konfirmantundervisning, trosopplæringsaktiviteter inkludert babysong.

Eventuelle endring av tiltak

- Det er gjort avtale med utdanningsinstitusjonar om etterutdanning av kyrkjelydspedagogar. Dette krev kontinuerleg motivasjon og tilrettelegging for deltaking i tilbodet
- Sjå på strukturelle hindringar for gjennomføring av trusopplæringsplanane
- Gje tilbod om kurs knytt til digital kompetanseheving
- Vurdere kontinuerlege tiltak i høve til nye tiltak

Resultatmål 2.3: Oppslutning om konfirmasjon blir halden oppe

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) At konfirmasjonstida er relevant for konfirmantane
- B) Kommunikasjon og formidling av tilbodet som gir lyst til å vere konfirmant

Dei viktigaste tiltaka

- A) Inspirere, informere og ta i bruk kursopplegg for konfirmasjonssatsing
- B) Stimulere til å lage og bruke lokalt forankra informasjonsmateriell
- C) Kunnskap om og tilgang til ressursar
- D) Krav om at kyrkjelydar med kateket i stilling som får tilskot, har utarbeida undervisningsplan
- E) Oppmuntre til tverrfagleg samarbeid

Måloppnåing ved resultatindikatorar:

Møre	2020			2019			2018			2017		
	Medlem mar	Konfir merte	Del	Medlem mar	Konfir merte	Del	Medlem mar	Konfir merte	Del	Medlem mar	Konfir merte	Del
	2284	2074	91%	2765	2528	91,4%	2697	2469	91,5%	2667	2484	93,1%

Vurdering av måloppnåing:

Målsettinga er nådd. Andelen konfirmantar i Møre er blant dei høgste i landet. Humanetisk konfirmasjon vart gjennomført for 365 personar i Møre og Romsdal i 2020 (kjelde; <https://human.no/nyheter/2020/september/over-12-000-pameldt-til-humanistisk-konfirmasjon/>), mot 428 personar i Møre og Romsdal i 2019. I tillegg blir det i aukande grad gjennomført konfirmasjon i organisasjonane som ikkje blir registrert i statistikk.

Ressursbruk:

Konfirmasjon blir for ein stor del gjennomført av prestar. Det blir gitt tilskot til 10 kateketstillinger i Møre. I dei kyrkjelydane desse gjer teneste, blir konfirmasjonsundervisninga gjennomført av kateket i samvirke med prest. I mange kyrkjelydar blir fleire faggrupper involvert i arbeidet. Undervisningsrådgevar gir råd og vegleiing. Den totale ressursbruken er ikkje utrekna.

Eventuell endring av tiltak.

God dialog med dei kristne organisasjonane som driv med ungdomsarbeid i lokalområdet, og vere open for samarbeid

Resultatmål 2.4 Ungdom 13 –30 år

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) At barn og unge kjenner seg heime i kyrkja
- B) At barn og unge blir utrusta til å leve som kristne

Dei viktigaste tiltaka:

- A) Oppmuntre kyrkjelyden til å involvere ungdom
- B) Legge til rette for samarbeid med kristne organisasjonar gjennom å drifte møteplattforma "Kirkens unge"
- C) Vere aktivt støttande til leiartrening
- D) Drifte ungdomsdemokratiet ved å styrke ungdomsrådet og arrangere ungdomsting

Måloppnåing ut frå nøkkelindikatorar: Tal deltakarar på tilbod for 13-17 år/18-30 år

Tabell: Tilbod til unge 13-17 år, enkelttiltak og kontinuerlege

	Kontinuerlige tilbud for 13-17 år, antall			Enkelttilbud for 13-17 år, tal			Leiarkurs for unge 13-17 år, tal		
	2019	2020	Endring	2019	2020	Endring	2019	2020	Endring
Møre	47	39	-17%	26	20	-23 %	22	15	-32 %
Totalsum	874	619	-29 %	471	571	21 %	559	464	-17 %

Tabell: Tilbod til unge vaksne 18-30 år, enkelttiltak og kontinuerlege

	Kontinuerlege tilbud for 18-30 år, tal			Enkelttilbud for 18-30 år, tal			Leiarkurs for 18-30 år, tal		
	2019	2020	Endring	2019	2020	Endring	2019	2020	Endring
Møre	7	10	43 %	14	12	-14 %	4	0	100 %
Totalsum	301	269	-11%	195	148	-24 %	102	79	-23 %

Vurdering av måloppnåing:

Målsettinga er ikkje nådd.

Vi vurderer at endringane i hovudsak har bakgrunn i Koronasituasjonen. Arrangementer er planlagt og avlyst eller sett på vent.

Ungdomsting vart halde i oktober og nytt ungdomsråd er valt. Nye reglar for ungdomsdemokratiet er ei styrke for arbeide. Plattformen for "Kirkens unge" har hatt to digitale møter i 2020. Dei har samarbeida om ein felles brosjyre som presenterer kyrkja sitt organisasjonsarbeid for barn og unge. Gjennom plattformen har organisasjonane fått delt erfaringa si med kvarandre om korleis dei har organisert seg i møte med gjeldande smitteverntiltak som prega 2020.

Ressursbruk:

Møre bispedøme har eigen rådgjevar for ungdom i 40%

Eventuell endring av tiltak:

Vurdere fleire digitale møteplassar

Resultatmål 2.5 Misjonerande kyrkjelydar, lokalt og globalt

Viktigaste suksessfaktor:

- A) At kyrkjelyden har misjonsavtale

Dei viktigaste tiltaka:

- A) Informasjonsarbeid ved misjonsrådgjevar og møte med sokna
- B) Strukturert arbeid gjennom SMM Møre og misjonsorganisasjonane for å følgje opp avtalar som skal fornyast.
- C) Utarbeiding av gode trusopplæringsressursar om misjon

Nøkkelindikator: Tal på misjonsavtalar.

Ressursbruk: Misjonsrådgjevar 75% i samarbeid med SMM-utvalet, som har hatt to tilsette i organisasjonane (NMS og Normisjon), ein frå bispedømerådet og fire frivillige.

Vurdering av måloppnåing:

74% av kyrkjelydane i Møre bispedøme har ein misjonsavtale, og talet er stabilt med små variasjonar, men det er eit mål å auka talet. 65 kyrkjelydar av 95 har avtale gjennom ein eller fleire av dei sju organisasjonane i SMM – Samarbeid menighet og misjon. Totalt er det 77 misjonsavtalar, og NMS (Det Norske Misjonsselskap) har meir enn halvparten av avtalane. Mange avlyste gudstenester i 2020 gjorde at innsamlingsresultatet blei dårlegare enn året før. Totalt blei det registrert kr 888 107 i 2020, mot kr 1 138 310 i 2019. 11 sokn i Møre var med i den digitale aksjonen «Saman som kyrkje i heile verda», noko som letta situasjonen noko, men vi håpar fleire sokn blir med på denne aksjonen i 2021.

I februar blei det gjennomført ein tverrfagleg fagdag om misjon, med deltakarar og innleiarar frå mange kyrkjelydar og fleire misjonsorganisasjonar. I desember blei studieheftet «Fokus: misjon» sendt til alle prestar.

Det blei lagt planar for eit mogleg prosjekt for kyrkjelydsutvikling i bispedømet.

B3 HOVUDMÅL 3: Kunst og kulturuttrykk som ein del av kyrkjelivet

Resultatmål 3.1 Vekst i talet på deltakarar på konsertar og kulturarrangement.

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A. Kompetanse i kyrkjelydane til å arbeide med kunst og kultur i kyrkjene
- B. Vidareutvikle nettverk med profesjonelle kunstnarar og kulturinstitusjonar
- C. Forvalte og fornye salmeskatten og trus- og kulturarven

Dei viktigaste tiltaka:

- A. Kompetansehevande kurs og fagsamlingar
- B. Markere Landstad-jubileum
- C. Stimulere arbeidet med pilegrimsmotivet. Vidareutvikle Kystpilegrimsleia og Valldalsleia

Måloppnåing ved nøkkelindikatorar; talet på deltakarar på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene.

Tabell: Konsertar og andre kulturarrangement (SSB)

	Konsertar				Andre kulturarrangement			
	I regi av kyrkjelyden		I regi av andre		I regi av kyrkjelyden		I regi av andre	
	Tal	Deltakarar	Tal	Deltakarar	Tal	Deltakarar	Tal	Deltakarar
2019	364	42 244	276	48 984	69	5 725	19	1 975
2020	175	8 894	112	7 611	75	1748	21	933

Tabell: Konsertar og andre kulturarrangement (SSB) – deltakarar og endring i prosent

	Totalt tal konsertar og kulturarrangement		Deltakarar konsertar og kulturarrangement		Prosent endring 2019-2020	
	2019	2020	2019	2020	Tal på konsertar/ kulturarr.	Tal på deltakarar
	731	383	99 461	19 186	-48%	-81%

Tabell: Kunst og kultur - digitale aktiviteter og deltakarar Møre (Rambøll I og II)

Digitale aktiviteter		Digitale deltakarar		Sum digitale aktiviteter	Sum digitale deltakarar
15.03.-15.06.	16.06.-31.12.	15.03.-15.06.	16.06.-31.12.		
51	108	49 412	64 246	159	113 658

Ressursbruk:

Frå bispedømmerådet blir det i hovudsak brukt éi stilling som rådgjevar.

Bispedømmerådet løyvde kr 250 000 til digitale tiltak i kyrkjelydane, etter søknad.

Vurdering av måloppnåing:

Målsettinga er delvis nådd. Talet på gjennomførte konsertar og kulturarrangement i kyrkjene, og på deltakarar har gått kraftig ned. Samstundes er visningstala for dei digitale kyrkjelege kunst- og kulturproduksjonane i bispedømet på nærare 114 000. Samla sett er det fleire i bispedømet som har hatt kyrkjelege kunst og kulturopplevingar i 2020 enn tidlegare år. Med tanke på det svært krevjande året for heile kulturlivet er dette tal å gle seg over. Gjennomsnittleg deltakartal på dei digitale arrangementa er på ca. 715. Nokre av produksjonane har langt høgare visningstal. Dette viser potensialet som ligg i ei vidare satsing på digitale produksjonar også på kunst og kulturfeltet, sjølv om slike produksjonar aldri kan erstatte felles kulturopplevingar i kyrkjerommet. Svarprosent på undersøkingane om digitale aktiviteter i kyrkjelydane i Møre er på ca. 70%. Av desse er det 18% i perioden 15.03.-15.06., og 15% i perioden 16.06.-31.12. som svarar at dei har gjennomført digitale kulturarrangement. Det vil seie ca. 15 kyrkjelydar av dei 95 kyrkjelydane i Møre. Skilnaden på kyrkjelydar som har ressursar til å satse på kunst og kultur, og dei som ikkje har det, har blitt forsterka gjennom dette annleisåret. Dette er utfordringar det må arbeidast med.

Eventuell endring av tiltak:

Mykje tyder på at kunst- og kulturaktivitetane i kyrkjene også i 2021 vil bli sterkt prega av restriksjonar og usikkerheit. Undersøkingar som er utført om publikumsvanar viser at det sannsynlegvis vil ta tid før mange vil oppleve det trygt å komme tilbake til kulturarrangement på same måte som før pandemien. Dette vil truleg også gjelde kyrkja som kulturarena. Ei vidareutvikling av satsinga på digitale produksjonar, auka produksjonskompetanse og arbeid med finansiering av slike produksjonar vil difor vere prioritert, også når kyrkjene etter kvart i større grad kan opnast for publikum. Korarbeidet i kyrkjelydane har vore sterkt prega av alle restriksjonane i 2020. Det vil difor vere ei viktig oppgåve å styrkje dette arbeidet i tida framover.

Resultatmål 3.2 Fleire opne kyrkjer

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A. Kyrkjebygg blir bevart og utvikla som identitetsbygg og annleisrom

Dei viktigaste tiltaka:

- A. Arrangere kompetansehevande tiltak
- B. Tett dialog med kyrkjelege fellelsråd
- C. Utvikle Kystpilegrimsleia og Valldalsleden

Måloppnåing ved nøkkelindikator – Tal opne kyrkjer:

Tabell: Opne kyrkjer

	Tal sokn med open kyrkje 2019	Totalt tal dagar med open kyrkje 2019	Tal sokn med open kyrkje 2020	Totalt tal dagar med open kyrkje 2020	Sokn 2020
Møre	39	20 58	45	1 816	95

Tabell: Veg/pilegrimskyrkjer

	Tal sokn med veg/pilegrims-kyrkje 2019	Totalt tal dagar med veg/pilegrims-kyrkje 2019	Tal sokn med veg/pilegrims-kyrkje 2020	Totalt tal dagar med veg/pilegrims-kyrkje 2020	Sokn 2020
Møre	10	418	6	95	95

Vurdering av måloppnåing:

Målsettinga er delvis nådd.

I Møre har sokn med open kyrkje auka frå 41% i 2019 til 47% i 2020. Talet på dagar med open kyrkje er derimot redusert med 242 dagar. I snitt hadde kvart sokn 40,3 dagar open kyrkje i 2020 mot 52, 7 dagar i 2019. Det tyder på at fleire sokn har open kyrkje, men at dei sokna som har kome til har færre dagar opne.

Det er eit fåtal av sokna som har opne vegkyrkjer, og talet på opne dagar med veg- og pilegrimskyrkjer går ned i 2020 i høve til 2019. Det er vanskeleg å seie i kva grad korona-restriksjonane har påverka desse tala, men det er grunn til å anta at det har spela ei viktig rolle. Det kyrkjelege engasjementet knytt til pilegrimsleiene i bispedømet er aukande. Dette, saman med at fleire kyrkjer i Møre ligg ved nasjonale turistveggar, skulle tilseie at det her ligg eit potensial for auke i desse tala.

Eventuell endring av tiltak

I arbeidet med å vidareutvikle pilegrimsleiene i bispedømet, er tilgang til opne kyrkjer ei av dei store utfordringane der ein diskuterer ulike løysingar. Dette arbeidet må vidareførast. Planlagt fagdag i bispedømet med fokus på opne kyrkjer var eitt av mange kompetansehevande tiltak som måtte avlysast i 2020. Dette vil bli prioritert når tilhøva igjen opnar for slike arrangement.

B4: HOVUDMÅL 4: Kyrkja engasjerer seg i samfunnet

Resultatmål 4.1 Fleire kyrkjelydar med diakonal betening

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) – Lokale planar for diakoni, med styrka samarbeid mellom faggrupper
- B) – Møteplassar for fellesskap og omsorg, vern om skaparverket, kamp for rettferd
- C) – Gode planar for behandling av kriser og katastrofar

Dei viktigaste tiltaka:

- A) – Fordeling av tilskotsmidlar
- B) – Kontaktarbeid mot sokn, prestar og kyrkjevevjer
- C) – Kontaktarbeid inn mot kommunane
- D) – Profilering av diakonstillingane ut frå lokale behov

Måloppnåing vist ved resultatindikator: Andel kyrkjelydar med diakonal betening

Møre	2019		2020	
	Tal diakonar	Andel %	Tal diakonar	Andel %
	49	51%	44	46,3%

Ressursbruk:

Møre bispedøme gjev tilskot til inntil 50% av 17 heile stillingar. To stillingar vart oppretta i 2019 (5 sokn), men vart tilsette i 2020. Det er også oppretta stilling i Hustadvika (4 sokn), men der er det ikkje tilsett nokon enno.

Vurdering av måloppnåing:

Målsettinga er nådd. Den diakonale beteninga er ikkje redusert, men auka med ni sokn dei to siste åra. Fire diakonar blei vigsla i 2020. Forskjellar i statistikken kan handla om litt ulike standardar for rapportering.

Koronasituasjonen har vore langvarig, og målsettingar og tiltak er blitt justert undervegs. Dialogen har vore god og etterspørselsorientert i samband med oppretting av nye stillingar, så vel med diakongruppa, som aktuelle kyrkjelydar og kommunar. Diakongruppa har god kjennskap til berekraftsmåla og det er fokus på diakonien sitt miljøengasjement.

Det blir og arbeida for auka samvirke mellom kommune og kyrkje og at diakonien i bispedømet utviklar seg gjennom eit auge samfunnsengasjement og i møte med psykisk helse. Mange mindre kommunar har fått trekk og har mista frivillegsentralar. Her kan kyrkje og kommune bidra saman.

Eventuell endring i tiltak:

Psykisk helse, einsemd, rus og vald – særleg knytta til barn og unge har blitt tydelegare gjennom koronatida. Auka samarbeid mellom kommune, frivillige samfunnsaktørar og kyrkja er aktuelt å gå inn i. Det er nødvendig at fellelsråda som arbeidsgjevar og bispedømet som tildelande mynde gir føringar slik at den enkelt tilsette har det som skal til for å ta diakonien inn i ei ny retning,

Resultatmål 4.2 Fleire kyrkjelydar tilbyr fellesskap til nye i Noreg

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) At innflyttarar og asylsøkarar blir møtt og blir del av eit lokalsamfunn
- B) Arenaer for fellesskap

Dei viktigaste tiltaka:

- A) Fellesskap og arenaer som "Middag på tvers", internasjonal kafé og språkkafé.
- B) Tolketeneste i gudstenesta

Måloppnåing ved nøkkelindikator – tal på kyrkjelydar med tilbod om integreringsarbeid:
20 kyrkjelydar har tilbod om integreringsarbeid

Ressursbruk: Lokalt tilsette og frivillige; tilsette og frivillige i KIA Møre. Frå neste år vil misjonsrådgjevar delta i regionrådet i KIA Møre.

Vurdering av måloppnåing:

Målet om auke er ikkje nådd i 2020, men talet er stabilt, og noko aktivitet har vore redusert i inneverande år.

Resultatmål 4.3 Arbeidet med religionsdialog blir styrka

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) Representantar frå andre religionar blir møtt med respekt og likeverd
- B) Det er etablert eit regionalt dialogforum i Møre og Romsdal

Dei viktigaste tiltaka:

Etablere kontakt med ulike trus- og livssynssamfunn med tanke på å etablere eit regionalt dialogforum.

Måloppnåing ved nøkkelindikator – tal på fora for religionsdialog:
Det er førebels eit forum for religionsdialog i Møre

Ressursbruk:

Misjonsrådgjevar har vore aktivt med i opprettinga av STL Møre og Romsdal.

Vurdering av måloppnåing:

Målet er oppnådd ved at det er oppretta eit interimsstyre for STL Møre og Romsdal.

Resultatmål 4.4 Kyrkja sitt digitale nærvær aukar

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) Kyrkja er synleg i folk si bevisstheit
- B) Vri ressursar over på større nettsatsing
- C) Legge til rette for opne prosessar og spele på lag med media
- D) Vise vilje til samarbeid med andre kyrkjelege arbeidslag og samarbeidsorganisasjonar

Dei viktigaste tiltaka:

- A) Ein omforeint, tydeleg, tilpassa og konkret og framoverlent kommunikasjonsstrategi
- B) Leiinga tar eit aktivt informasjonsansvar i det daglege arbeidet
- C) Det blir sett av nok ressursar (kompetanse, økonomi og verktøy) til å ha realistiske sjansar til å nå kommunikasjonsmålsettingane

- D) Kyrkja tek demokratiseringsperspektivet på alvor ved å velje ein aktiv, open og transparent dialog med media, og anerkjenner media si rolle som kritisk undersøkjande samfunnsaktør
- E) Kyrkja vel aktivt «meiroffentligheitsprinsippet»
- F) Samhandling og finmaska nettverk med prosti, sokneråd og fellesråd gir hyppig utveksling av idear og kompetanse.

Det er eit vedteke mål at kyrkja sitt digitale nærvær aukar. For Møre bispedømeråd inneber dette målretta satsing på sosiale media, i første rekkje Facebook, som også fungerer som ein dørøpnar inn til meir tradisjonelle informasjonskanalar, som t.d. heimesider.

Måloppnåing ved nøkkelindikatorar:


Tal treff på heimesidene aukar: 7834 i 2017 - 8173 i 2018 - 11 190 i 2019 (44 214 sidevisningar) og **58 784 sidevisningar i 2020.**

Vurdering av måloppnåinga:

Målsettinga er nådd.

Statistikken viser jamt besøk gjennom året, med toppar kring korona-nedstenginga i mars samt påska i april 2020, då det var mellom **1100 og 1300 sidevisningar i døgnet.**


www.kyrkja.no/more




Statistikken viser at det er nær **dobbelt så mange kvinner som menn som besøker nettsidene** til Møre bispedømme. Meir enn halvparten **besøker nettsidene gjennom mobiltelefon**; dei fleste gjennom å søke etter (google) nettstaden. Det er ei stor auke i talet som besøker nettsidene via Facebook på mobil; frå ca. 10% i 2019 til nær 40% i 2020.

Statistikken viser at **talet på nye besøkande har auka**, frå om lag 1 av 4 besøkande i 2019, til 3 av 4 besøkande i 2020. Mellom dei besøkande er det fleire relativt eldre som nyttar nettsidene: Medan det i 2019 var relativt jamn fordeling mellom aldersgruppene hos dei vaksne besøkande, viser 2020-statistikken at relativt sett fleire over 55 år har besøkt nettsidene, og desse utgjorde over halvparten av alle besøkande. Framleis er det berre om lag 5% av dei besøkande som er under 24 år. Dette er ei stor utfordring for Møre bispedømme!

Nye vs gamle besøkende



Alder




Møre bispedømme satsar i all hovudsak på **Facebook som sosiale-medium-kanal**.

Gjennom kanalen blir det på dagleg basis delt informasjon og nyheiter, både frå bispedømet si eiga verksemd og frå aktiviteten i kyrkjelydane. På den måten fungerer Facebook-sidene også som eit nav for eksponering av aktiviteten i bispedømet.

Møre bispedømme har opplevd ei **dobling i talet på følgjarar på Facebook** gjennom 2020; frå 260 ved byrjinga av året, til 485 ved utgangen. Sjølv om dette framleis er eit relativt lågt tal, viser statistikk og underlagsmateriale at kanalen fungerer både som ein nyheitsformidlar og som ein dørøpna inn til bispedømet sine nettsider. Så langt fungerer de facto Møre bispedømme sine Facebook-sider i mindre grad som dialogforum. Slik type satsing vil krevje auka ressursar på overvaking og oppfølging.

I nokon grad deler Møre bispedømme også fotos og informasjon via **Instagram**. Denne satsinga er berre i startfasen, og det er for tidleg å telje opp følgjarar eller vurdere og evaluere nytten. Møre bispedømme nyttar ikkje **Twitter** aktivt - men Møre biskop er ein særskild aktiv Twitter-formidlar, og får ein god del respons.

Tal frå Infomedia viser at tema knytte til **Møre bispedømme var omtala i 2829 medieartiklar i 2020**. Dette er ein nedgang frå 2019 (3254). Dei dominerande mediekanalane er nettartiklar (48%) og trykte avisartiklar (44%). 71% av kjeldedekninga er lokal. Dei største kjeldene er dei regionale storavisene, der det er flest omtaler i Sunnmørsposten (336), følgt av Romsdals Budstikke (294) og Tidens Krav (203). Også NRK og lokalavisene har hyppige omtalar.



Ressursbruk:

I utgangspunktet er det nytta ein stillingsressurs på samla ca. 30% stilling til kommunikasjonsfeltet. Dette omfattar m.a. vedlikehald og oppdatering av nettsider, intranett

og sosiale medium, samfunnskontakt og strategisk mediarbeid. Gjennom korona-unntaksåret 2020 er det etablert eit **kommunikasjonsteam** for å fordele oppgåver innan området. Dette inneber at små brøkar frå fleire stillingar i 2020 periodevis vart nytta inn i kommunikasjonsarbeidet.

Det digitale korona-unntaksåret 2020:

Bakteppet for rapporteringa er det spesielle korona-året 2020, med nedstengingar og omlegging av kyrkja sine aktivitetar. Då tok tilsette og frivillige raskt i bruk nye arbeidsmetodar, og kyrkjelydane vart endå meir til stades på nett. I særleg grad vart Facebook ein viktig arena, der svært mange kyrkjelydar hadde (direkte-)sendingar frå gudstenester og andre kyrkjelege samlingar.

Rambøll-undersøkingane 2020 viser at over halvparten av kyrkjelydane i Møre tok i bruk 1-2 nye digitale kanalar. 21% tok i bruk 3-4 nye digitale kanalar. Mellom 90 og 100% svara at dei brukte Facebook til arrangement. Eit stort fleirtal kan melde om større aktivitet på egne nettsider og solid auke i følgjarar på ulike digitale plattformer gjennom året. Mange kyrkjelydar har meldt behov for auka kompetanse og betre teknisk utstyr for betre å gjennomføre digital satsing.

Samtidig viser Den norske kyrkja si medlemsundersøking 2020 for Møre bispedøme at 36% er positive til å få informasjon frå kyrkja (35% i 2019), medan berre 9% er negative til dette (13% i 2019). Undersøkinga viser samtidig at berre 28% kjenner godt til kyrkjelyden der dei bur, medan nær halvparten av dei spurte svarar at dei ikkje kjenner godt til kyrkjelyden si verksemd.

Møre bispedøme rigga gjennom 2020 ein korona-beredskap på kommunikasjonsfeltet; oppretta *Kommunikasjonsteam* for breiare kontakt og oppfølging ut mot kyrkjelydane og etablerte nettressursar som t.d. *Digitale fellesskap i Møre*, der ein fann nyheiter og oversiktar over arrangement. Dette er seinare samla i den nasjonalkyrkjelege nettressursen *Kyrkje på nett*. Møre bispedøme fordelte også ekstraordinær korona-støtte til kyrkjelydane sine digitale satsingar.

Vurdering av måloppnåing:

Målsettinga er til ein viss grad oppnådd. Møre bispedøme har gjennom året halde ved like si rolle som ein regionalkyrkjeleg aktør som er aktiv og synleg i media. Talet treff på nettsidene held fram å auke og fleire nye besøkande oppsøker nettsidene. Trafikken inn på nettsidene via Facebook har gjennom 2020 auka sterkt. Dei fleste besøker våre nettsider og Facebook-sider via mobiltelefonen.

Ei vedvarande utfordring er å nå fleire unge (under 25). I samarbeid med UNG-satsinga i Møre bispedøme bør satsinga på denne målgruppa intensiverast. Det bør utviklast eigen strategi for dette.

Den digitale samhandlinga med kyrkjelydane er blitt betra gjennom 2020. Dette erfarer ein for eksempel gjennom auka tal på følgjarar på Facebook og hyppigare formidling og deling av nyheiter og aktivitetar frå heile bispedømet.

Den digitale satsinga bør stimulere til ein vidare samtale kring korleis satsinga skal vektast: Er det rett å bruke mykje ressursar på å vise fram aktivitet, eller bør den digitale satsinga vinklast meir mot diakonale oppgåver, som samtale, dialog, sjelesorg? Dette blir viktig å drøfte framover, også i eit kommunikasjonsperspektiv.

Også i 2020 vart mykje av aktiviteten spegla gjennom omtale i dagsaviser og etermedia. Media i Møre har ei jamn og god dekning av verksemda i bispedømet; ikkje minst når det

gjeld det lokalkyrkjelege arbeidet. Talet på omtaler i 2020 gjekk litt ned samanlikna med 2019, utan at det kan finnast ei eintydig forklaring på dette.

Mediekontakt og samhandling med media er eitt av tiltaka omtala i årsplanen som har stort potensiale.

Eventuell justering av tiltak:

Utvikle kommunikasjonsstrategi for Møre bispedøme, inklusive strategi for eigne sosiale media. Utvikle mediestrategi. Forsterka kommunikasjonsinnsatsing på unge i kyrkja.

Resultatmål 4.6 Samarbeid kyrkje/ skule blir styrkt

Dei viktigaste suksessfaktorane

- A) At skule og barnehage møter kyrkja som del av lokalsamfunnet
- B) Kyrkja trygg på eigen ståstad

Dei viktigaste tiltaka

- C) Tema i visitasar
- D) God vegleiing når debatt om skulegudstenester
- E) Gje tilsette kunnskap, råd og vegleiing slik at kyrkja kan være ein aktuell samarbeidspartner for barnehagen/ skulen i barnehagen/ skulen

Måloppnåing ved nøkkelindikatorar: Talet på barnehage – og skulegudstenester

	Gudstener for barnehagebarn	Deltakarar	Gudstener for skuleelevar	Deltakarar	Tal besøk frå bhg. I kyrkja	Besøk av kyrkjeleg med. arb i bhg	Tal besøk frå skular i kyrkja	Besøk av kyrkjeleg medarb. i skulen
Møre 2018	90	7593	185	35027	218	140	170	140
Møre 2019	84	5995	185	34579	246	110	165	142
Møre 2020	55	1944	96	3968	101	65	114	70

Ressursbruk

Gudstenester for skular og barnehagar involverer ei rekke tilsette. Vi har ikkje oversyn for ressursbruk på dette området

Vurdering av måloppnåing

Objektivt sett er ikkje målsettinga nådd, da gudstenestetallet for skuleelevar har gått drastisk ned, og ein litt mindre nedgang for barnehagebarn. Dette trur vi i vesentleg grad skuldast covid-19 og den unntakstilstanden landet vårt har vore i. Samtidig ser vi at barnehagen/ skulen besøker kyrkja ved til dømes julevandringar, påskevandringar eller andre besøk, så også i 2020. Det positive er at barnehage/ skule – kyrkje samarbeidet ikkje er fråverande i 2020, om enn sterkt redusert.

B5: Hovudmål 5: Fleire finn sin plass i kyrkjeleg arbeid

Resultatmål 5.1: Rekruttering til vigsla stillingar blir styrka.

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) – At kyrkjeleg teneste står fram som viktig og attraktiv
- B) – At tenesta står fram som godt forankra i den enkelte og arbeidsfellesskap
- C) – Motivasjon og arbeidsglede
- D) – Involvering

Dei viktigaste tiltaka:

- A) – Rekruttering er tema på samlingar og i visitas
- B) – Oppmuntre vaksne til kyrkjeleg teneste som «second career»
- C) – Gode ordningar for sommarvikarar og for dei som er i kyrkjelydspraksis
- D) – Delta på utdanningsmesser i fylket

Måloppnåing ved resultatmål: Tal vigslingar:

I 2020 vart det gjennomført 6 vigslingar til kyrkjelege stillingar. 2 av desse var prestar, 4 var diakonar. I 2019 var det gjennomført 4 vigslingar til kyrkjeleg teneste. Av desse var 2 prestar, 1 diakon og 1 kantor.

Vurdering av måloppnåing:

Målsettinga er nådd

Resultatmål 5.2: Fleire blir engasjerte i frivillig teneste i kyrkja

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) Kyrkjelyden har eigarskap til heile kyrkjelyden si verksemd
- B) Kyrkjelydane har ein strategi for rekruttering, opplæring og oppfølging av frivillige
- C) Godt samarbeid med dei kristne barne og ungdomsorganisasjonane i bispedøme som er tilknytt kyrkja sin plattform.

Dei viktigaste tiltaka:

- A) Gjennomføre brukarevaluering, medarbeidarkontraktar og medarbeidarsamtalar blant dei frivillige
- B) Tilby kompetansehevande inspirasjonssamlingar og kurs til frivillige
- C) Styrke den faglege utviklingssamtalen i trusopplæringsutvala
- D) Utfordre kyrkjelydane til å samarbeide med barne- og ungdomsorganisasjonane på plattformen "Kirkens unge"

Måloppnåing vist ved resultatindikator: Tal frivillige

	2019	2020	Prosentvis endring
Totalt tal Frivillige	6354	4868	-23%
Frivillige i gudstenestefeiringa	3126	2273	-27%
Frivillige i kyrkjelydens barnearbeid	1390	791	-43%
Frivillige i kyrkje-lydens ungdomsarbeid	1343	947	-29%
Frivillige i kyrkjelydens diakonale arbeid	1359	813	-40%
Frivillige i kyrkje-lydens kultur- og konsert-arbeid	1607	874	-46%
Frivillige i kyrkje-lydens komité- og utvals-arbeid	1450	1281	-12%
..av dette i sokneråd	848	743	-12%
Frivillige i anna arbeid	754	707	-6%

Ressursbruk:

Det blir ikkje brukt ressursar frå bispedømet på området.

Vurdering av måloppnåing:

Målet er ikkje nådd. Tvert imot har vi sett ein nedgang på 23% i 2020 samanlikna med året før på det totale talet på registrerte frivillige i kyrkjelydane. Over heile landet ser me den same brå nedgangen, og tala for vårt bispedøme ligg omtrent på landsgjennomsnittet. Den største nedgangen er i kunst- og kulturarbeid (46%) barnarbeid (43%) og i diakonalt arbeid (40%). Tala på frivillige innan komitear og utval har hatt mindre nedgang (12%). Når det gjeld diakonalt arbeid, seier statistikken at Møre har den største nedgangen i landet, med 40% mot eit landsgjennomsnitt på 21%. Innan ungdomsarbeid gjer Møre det litt betre enn landsgjennomsnittet på frivillige. Her er nedgangen «berre» 29% mot eit snitt på 34% i landet totalt.

I skrivande stund er vi enno ikkje ferdige med korona-pandemien, og vi veit ikkje når vi kan gå tilbake til normale tilstandar. Men i inneverande år må vi heilt klart satse målretta på det frivillige arbeidet i kyrkjelydane, i opptakten mot det nasjonale frivillig-året 2022.

B6: Hovudmål 6. Bemanning – presteskap og administrasjon

Dei viktigaste suksessfaktorane:

- A) Tildelte ressursar svarer til normerte rammer for prestetenesta
- B) Kvalifiserte prestar i alle stillingar
- C) Prestar forvaltar Ord og sakrament slik at kristen tro og liv vert fremma i kyrkjelydane
- D) God fagleg og pastoral leining
- E) Bispedømekontoret har god, fagleg kompetanse

Dei viktigaste tiltaka:

- A) Fordeling av ressursar etter fordelingsmodell
- B) Rekruttere prestar og utvikle formell kompetanse for dei vi ser kan gå inn i presteteneste
- C) Bidra til å kvalitetssikre tenesta
- D) Leiarutvikling og leiarstøtte
- E) Rekruttering og utvikling av medarbeidarar

Faktorar som verkar inn på måloppnåinga:

Fordeling av stillingar mellom prestar og administrasjon i Møre bispedøme:

	Totalt	Prestar inkl. biskop	Andel i prosent	Admini strasjon	Andel i prosent	Andre	Andel i prosent
Møre 01.01.2020	84,6	73,2	86,5	11,4	13,5	0	0
Møre 31.12.2020	82,6	71,0	85,9	11,6	14,0	0	0
Diff.	0	0	0	+0,2	+0,5	0	0

Talet på prestestillingar i Møre er redusert som følge av regulering av bispedømegrenser mellom Nidaros/Møre og Bjørgvin/Møre. Dei 11,6 stillingane ved bispedømekontoret er alle fagstillingar. Merkantile tenester i samband med rekneskap, løn og arkiv blir utført gjennom felleseiningar. Ein av dei tilsette i felles økonomieining har kontor plass på Møre bispedømekontor.

Som resultat av endringar i kommunestrukturen vart Austre Sunnmøre prosti slått saman med Nordre Sunnmøre prosti frå 1/1-20. Møre bispedøme har etter dette 6 prosti, 6

prostestillingar, 43,4 soknepreststillingar, 6,8 kapellantar, 3 seniorprestar og 0,8 prosent ressurs som spesialprest. Møre har ingen fast tilsette prostiprestar. Ordninga med seniorprestar er knytt til at nokre får spesialisert teneste i siste del av yrkeslivet, noko som er eit viktig tilretteleggingstiltak. Slik teneste er ofte prostiprestliknande, eller for å dekke opp i vakante stillingar i ein periode.

Kyrkjemedlemmar og kyrkjelege handlingar per faste presteårsverk

	Preste- årsverk	Medlemmar og tilhøyrande per prest	Guds- tenester	Dåps- handlingar	Konfirmasjonar	Vigslar	Gravferder
Møre 2019	73,2	2868	50,5	25	34,5	5	29,7
Møre 2020	71	2909		22,8	31,1	3,9	27,9
Dnk 2020	1315	2777		17,9	25,1	3,3	26,2

Frå 2019 til 2020 er det ei reduksjon i talet på kyrkjelege handlingar pr. prest på grunn av koronapandemien. Samanlikna med snittet for landet ligg Møre likevel godt over landsgjennomsnittet når det gjeld talet på kyrkjelege handlingar per prest.

Vikarar og ekstratenester

Talet på pensjonisttimar har auka jamt dei siste åra og utgjorde 3 årsverk i 2015 mot over 8,5 årsverk i 2020. Pensjonistane utgjør ein heilt avgjerande ressurs.

	2016		2017		2018		2019		2020	
	Timar	Årsverk	Timar	Årsverk	Timar	Årsverk	Timar	Årsverk	Timar	Årsverk
Møre	5181	3,0	4532	2,6	7603	4,3	11558	6,6	14810	8,5

Pensjonistar vart også nytta til enkelttenester. I 2020 var det likevel ei reduksjon i bruken av ekstratenester til både gudstenester og gravferder. Dette skuldast i all hovudsak koronapandemien.

Ekstratenester gudstenester, gravferd og vigsel

	Gudstenester			Gravferd			Vigsel
	Ved andre	Ved prest	Totalt	Ved andre	Ved prest	Totalt	
Møre 2017	28	16	44	48	12	60	10
Møre 2018	14	20	34	3	14	17	9
Møre 2019	36	54	90	51	60	101	8
Møre 2020	0	40	40	0	66	66	27

Aldersfordeling i presteskapet frå 2018 - 2020

	Under 40 år		40 - 49 år		50 -59 år		Over 60 år		Totalt
	Ant.	Pst.	Ant.	Pst.	Ant.	Pst.	Ant.	Pst.	Ant.
2018	20	29%	16	23%	14	20%	19	28%	69
2019	14	24%	11	19%	18	31%	16	27%	59
2020	15	24%	14	22%	17	27%	17	27%	63
Nasjonalt 2020	221	18%	297	24%	382	30%	352	28%	1253

Aldersfordelinga i presteskapet held seg jamt i Møre og fordeler seg på rundt 25% på alle dei fire aldersgruppene. Dei siste åra har Møre bispedøme rekruttert fleire unge prestar, og gjennomsnittsalderen har gått betydeleg ned.

Utlysingar, søknadar og tilsettingar i prestestillingar

	Utlyste stillingar	Tal søknadar	Søknadar per stilling	Stillingar lyst ut fleire gonger	Tal tilsettingar
Møre 2018	7	13	1,9	3	5
Møre 2019	16	22	1,4	6	6
Møre 2020	11	15	1,4	5	6

Møre bispedøme tilsette 6 prestar i faste stillingar i 2020. Talet på søknadar per stilling var på 1,4 som i 2019. Talet på stillingar som er lyst ut fleire gonger er 5 i 2020, mot 6 stillingar i 2019. Per 31.12.2020 var heile 14 stillingar vakante på grunn av den vanskelege rekrutteringssituasjonen. Vakansesituasjonen vert løyst ved å tilsette vikarar i studieløp eller nytte tilsette pensjonistar i kortare vikariat.

Vurdering av rekrutteringssituasjonen totalt sett for prestar og kyrkjelege tilsette i bispedømet.

Vi vurderer rekrutteringssituasjonen for prestar som krevjande. Fleire stillingar er lyst ut utan kvalifiserte søkjarar. Av dei stillingar som er vakante blir no fleire betent av pensjonistar eller vikarar som er i studieløp til å bli prest. Vikarar i studieløp er grunnlag for å se fram mot ei lette i den vanskelege situasjonen vi no er i. Møre har relativt sett eit ungt presteskap som vi vonar vil vere i teneste lenge. At det no også blir utvikla ei ordning for å stå i stilling utover 70 år kan bidra. Fleire av dei som no blir engasjert som pensjonistar kunne vore inne på ei slik ordning.

Ein viktig del av rekrutteringsarbeidet handlar elles om å ta godt vare på dei prestane vi allereie har for å behalde dei i tenesta. Det er gode ordningar som arbeidsvegleing, ordning for etter- og vidareutdanning og arbeider aktivt på alle nivå for tilrettelegging for prestane i ulike behov i ulike livsfasar. Dette gjeld juniortiltak like mykje som seniortiltak.

Dei er også utfordrande å rekruttere kvalifiserte kateketar og diakonar, men eit langvarig arbeid saman med fellesråda gjer at det berre unntaksvis ikkje er kvalifiserte personar i desse stillingane. Vi legger vekt på at dei som ikkje er kvalifiserte må få høve til vidareutdanning for å kunne tilfredsstille kompetansekrava.

Vårt inntrykk er at dei som for tida har dei største utfordringane er knytt til trusopplæring. Dette er ofte delte stillingar, og koronasituasjonen har lagt mange hindringar i vegen for å kunne gjennomføre mål og planar. Denne slitasjen kan få konsekvensar for om vi får behalde medarbeidarar.

Til stillingar som kyrkjemusikar må stillingar i mange tilfelle må lysast ut fleire gonger, og at det er vanskeleg å få kvalifiserte søkjarar. Fleire stillingar blir bemanna av personar utan formelle kvalifikasjonar, både i heile stillingar og i deltidsstillingar. Kyrkjemusikalsk råd i Møre har fokus på dette på sine fagsamlingar for kyrkjemusikarar. Det er gledeleg at det er etablert ein orgelklubb i bispedømet som gir opplæring på orgel for born og unge. Det blir også arbeidd mot kulturskular for å få utvikla undervisningstilbod i orgelspel. Det ein saknar er ei nasjonal satsing der det blir laga alternative utdanningsvegar inn mot kyrkjemusikaryrket. Det er også behov for eit kompetansemiljø som kan rådgje fellesråd i samband med rekruttering til kyrkjemusikarstillingar.

C Om biskopens verksemd

Året 2020 starta med stor optimisme. Vi gjennomførte 2 visitasar i februar og 1 i mars og hadde mykje å sjå fram til. Visitasen i Sunndal, som medvite blei sett til første veka i februar, sette fokus på samisk kyrkjeliv. Velsinga blei lyst på sør-samisk.

Visitasen i Hareid i februar understreka den gode samhandlinga med kommunen, mellom anna gjennom frivilligsentralen og ved dei store kommunale investeringane i oppgradering av kyrkja. Barn i alle aldrar fekk ein heim i kyrkja gjennom dei ulike trusopplæringstiltaka.

Visitasen i Domkirken, med rådhuset som kyrkjebakke, hadde fokus på kva det vil seie å vere domkyrkje og kyrkjelyd i sentrum av byen. Alle leiarane for kulturinstitusjonane i byen presenterte sine visjonar for vidare samarbeid med domkyrkja.

Veka etter visitasen var det tid for den årlege Kirkefestuka, med eit omfattande kyrkjemusikalsk og kulturelt program. Brått var det 12 mars og alle kyrkjene vart stengde ned.

Resten av 2020 har biskopen hatt fokus på kriseleiing; sjå til kyrkjelydane og dei tilsette, vere synleg i media og halde motet oppe.

Erfaringane og observasjonane til prostane er viktige når ein skal rapportere frå biskopen si verksemd i ei pandemitid.

1. Kyrkjelydslivet

Kva er ei kyrkje

Framveksten av ei digital kyrkje, forankra i det sentralkyrkjelege satsingsområdet «Kyrkja på nett» og framskunda av pandemien, reiser mange viktige spørsmål om kva kyrkja er. Erfaringa frå pandemiåret har fått fleire til å grunne over spørsmålet. Er utgangspunktet teologisk og har sitt utspring i «ekklesia», som betyr å kome saman, som noko fysisk og som ei samling, så lyt ein konkludere at kyrkja gjennom 2020 har utvikla seg i feil retning. Smitteverntiltak og redsel for å bli smitta, har ført til stor nedgang i talet på gudstenestedeltakarar og nattverdstdeltakarar. Kyrkja som fellesskap i tilbeding er i tilbakegang, framskunda av pandemien.

Ein av prostane tok i si årsrapportering utgangspunkt i litteraturen sin omtale av pesten og kjensla av «nummenhet» og av dagar som skil inn i kvarandre.

Pandemien lamar, skapar avstand og undergangs-stemming, sjølv om ein bur og lever i eit område av landet der det knapt er smitte

På den andre sida fortel kyrkjelydstilsette med begeistring om talet på følgjarar, og digitale trusopplæringstiltak, og produksjonar og om «likes». Aldri før har vel så mange vore til stades, eller vore innom, på eit kyrkjeleg arrangement enn det vi såg gjennom 2020, dersom vi legg «likes» og talet på følgjarar til grunn.

Kva er så kyrkja, den fysiske samlinga, der ein kjem saman i sams tilbeding, eller er kyrkja «kyrkje på nett»? Det er fleire som med bekymring er kritisk til at det ser ut som at digital satsing og nettbaserte gudstenestedproduksjonar ser ut til å erstatte kyrkjegang og fellesskapen. Det er fleire som kjenner ei lette over å få «fri», slik at ein kan nytte dagen som ein vil, og heller droppe innom ei digital sending i løpet av helga.

Smittevern

Lokalt smittevernansvarleg har gjort ein kjempejobb. Stabar, arrangørar og deltakarar har lagt til rette gjennom reinhald, sprit, deltakarlistar og uteljelege tilpassingar. Så langt ein har erfart, har det ikkje skjedd smittespreiing ved noko kyrkjeleg arrangement, verken i kyrkja eller ved arr. utanom kyrkjerommet. Stor honnør til smittevernansvarlege og til deltakarar som har vore lojale og forsiktige for å hindre smittespreiing

Prioriteringar

Det har vore vanskeleg å skape forståing for det som blir opplevd som forskjellshandsaming mellom kyrkjerom med benkar og lokale med fastmonterte sete. Dei strenge reglane har ført til redsle for å ta del, og har redusert kyrkjebesøket meir enn naudsynt. Mange av dei som ikkje er i risikogruppe, har halde seg unna for å gi plass til andre.

Den store delen av kyrkjelydslivet som ikkje er kopla til gudstenesta, har nærast stansa opp. Med store restriksjonar har det vore vanskeleg å gjennomføre samlingar og arrangement, og dei eldste og dei yngste har mista mange viktige møtestader.

Kjernetroppane blir nedprioriterte

Styresmaktene og sentralkyrkja har prioritert gravferd, dåp, konfirmasjon og vigsle. Dette har vore viktige prioriteringar, men har også ført til nedprioritering av anna arbeid. Restriksjonar på kor mange som kan vere til stades og overgang til digitale sendingar, har ekskludert dei minste og dei eldste. Nattverdsdeltakinga har gått kraftig tilbake, likeins har kyrkjelydane opplevd betydeleg reduksjon i innsamla midlar. Kyrkjelydane sine mest trufaste har vore forhindra frå å ta del, og sjølv medveten satsing på telefonkontakt og andre diakonale tiltak har ikkje greidd å erstatte alle tapte møtearenaer.

2. Samarbeidet

Strekk i laget

Medarbeidarar reagerer ulikt på utfordringar. Nokre kyrkjelydar har svært få tilsette, medan andre har store stabar og mange ressursar. Nokre medarbeidarar blir svært trigga og handlingsorienterte i møte med utfordringar og ein del kyrkjelydar har kjapt og fort laga gode digitale arrangement. Dei har samhandla internt, hatt sterk eigarkjensle og vore flinke til å lage gode produksjonar.

Andre trekkjer seg tilbake og vil forsvinne. Dei synes det har vore vanskeleg å gå inn på den digitale arenaen, og ein kvardag med heimekontor og få menneskelege møte har skapt utfordringar. I tillegg har heimeskule og den generelle nedstenginga tvinga ein til å arbeide til andre tider og på andre stader, noko som har hindra samhandling og ført til svært intense og lange dagar.

I tillegg har det vore strevsamt å planleggje med fleire ulike scenario, med plan B og C og D.

Demokratisk underskot

Dei nyvalde sokneråda har knapt hatt høve til å gjennomføre møte, og medlemene har heller ikkje blitt kjende med kvarandre. Det er eit demokratisk underskot i kyrkjelydane når rådsstrukturen har store vanskar med å gå inn i oppgåver og ansvar som ligg til råda. Kan hende har denne situasjonen ført til at både prestar og kyrkjevevjer har teke på seg oppgåver og roller som ikkje er tiltenkt dei?

Samarbeidet over soknegrenser

I liten grad har svært endra arbeidskvardag ført til endra samarbeidspraksis. I eitt av prostia har ein laga digitale produksjonar felles for prostiet og som eit samarbeid mellom fleire sokn, men elles er det få eksempel på samarbeid over soknegrenser, evt. fellesrådsgrenser, og ein har i liten grad gjort gudstenester og arrangement kjent for andre enn eigne kjernetroppar.

3. Prestetenesta

Heimekontor

Heimekontoret har vorte redninga for mange nedstengde kyrkjekontor. Mange prestar har opplevd heimekontoret som ein retur til gamle dagars presteteneste. Fleire har hatt gode arbeidstilhøve heimanfrå, medan andre har hatt utfordringar med omsyn til livsfase, heimeskule og plass. Prostane har registrert at ein del medarbeidarar har kjent seg

deprimerte og nedstemte. Mange har gitt uttrykk for at dei er lei av Teams og andre digitale møtestader, dei saknar måltidsfellesskap, kollegial prat og samhandling, særleg har situasjonen vore vanskeleg for prestane i småbarnsfasen.

Samstundes har prestane vist stor lojalitet og kreativitet og har dokumentert handlekraft og fantasi som ein vanskeleg kunne sett føre seg på førehand.

Prioriteringar

Situasjonen har tvinga prest/prost og alle kyrkjeleg tilsette til nye prioriteringar. Dette har ført til sterkt fokus på gravferd, dåpsgudstenester og digitale arrangement. Eigne smittevernreglar knytt til gravferd har vore krevjande med omsyn til gudstenester og trusopplæring.

Vidare har prioriteringane ført til sterk auke i talet på dåpsgudstenester. Det er gledeleg at mange, trass i smitteverntiltak, likevel ønskjer å ha dåp. Kyrkjeleg tilsette og prestar har strekt seg langt og lagt til rette for mange ekstra dåpsgudstenester. Spørsmålet reiser seg om dette skal bli ein fast praksis, slik vi også har sett ved gravferd og vigsle, at dåpshandlinga blir lagt utanom kyrkjelydsfellesskapen, i eigne markeringar og med større individuell medverknad?

Med omsyn til den sterke digitale satsinga kan ein stille seg spørsmålet om ei slik satsing fører til nedjustering av dei fysiske møta. Det er viktigare enn nokon gong å arbeide med spørsmål knytt til forståinga av kva ein kyrkjelyd er og kva ei gudsteneste er, og om møte og fellesskap skal vere fysiske og ekte eller finne stad gjennom sams oppleving av digital røyndom?

Utan god tenestedeling i stab, har pandemien ført til at prestetenesta i sterkare grad har prioritert kontakten med medlemene som ein møter ved gravferd og dåp, framfor møta med kjernetroppane og dei trufaste gudstenestedeltakarane. Interaksjon, fellesskap, sjelesorg og diakonalt arbeid er blitt vanskelegare. Kanskje kan ein undre seg over om sjølvbiletet til presten er endra, til å bli ein medieaktør, ein som først og fremst er synleg på digitale plattformer?

4 Kyrkja nasjonalt og lokalt

Avstand

Ein av prostane uttrykte det slik: «Det er langt frå kyrkjerådet til øya vår. Plassert i arven frå pietismen og knytt til trøndersk folkekyrkjeideologi, står møringen fram som sjølvstendig, stolt og med sterk forankring i kultur og miljø».

Bispedømet er sett saman av mange bygder og øysamfunn, som har kjent på avstand til sentralmakta og som har vist mynde og stor lokal handlekraft. Det er mange motkrefter på vegen når sentralkyrkja vil ta større plass og setje dagsorden. Det er store rørsler som blir skapt når ein for første gong sidan kristentrua kom til landet for om lag 1000 år sidan, avlyser påsegudstenester, eller bryt med tradisjonar som har levd i bygdene gjennom hundreår. Når lokal smitterisiko er liten, så er det ikkje utan motbør at ein realiserer sentrale påbod.

Leiarskap

Når ein sender ut informasjon frå nasjonal kyrkjeleiing, skjer det at ein lokalt vil overprøve denne, eller hevdar at avgjerslemakta i kyrkja ikkje er nasjonal, men lokalt forankra i fellesråd og sokneråd. I tillegg blir det reist spørsmål ved kva posisjon det regionale nivået har i ulike saker.

5 Digitalisering og kommunikasjon

Den siste versjonen

Informasjonsflyten aukar og blir synleg på mange ulike arenaer. Også i kyrkja har ein dette året merka at det er mange fleire enn før som har noko å melde. Det eine er at det i eit sett har kome oppdatert informasjon av det som var sendt ut berre timar tidlegare. Mange har kjent at det tidvis har vore krevjande å få med seg alle oppdateringane og mindre endringar som heile tida har etterfølgt førre infoutsending.

På alle kanalar

For det andre så har ein erfart at informasjon kjem på fleire kanalar enn før. Sharepoint, Teams, KR sine digitale møterom, YouTube-sendingar og ulike webinar har blitt nye informasjonskanalar i tillegg til dei kanalane ein har brukt tidlegare. Det er krevjande å vere til stades på alle plattformer og det er ei utfordring å sortere og vurdere kva som er vesentleg av all informasjonen. Mange kyrkjelydar har lagt ned mange ressursar og mykje arbeid i å produsere program, gudstenester eller andakter som dei sender på eiga FB-side, eigen YouTube-kanal eller på anna vis. Det har ikkje vore lett å finne fram i skogen av digitale tilbod, og kyrkjelydane har ikkje vore så flinke til å marknadsføre produksjonane sine. Trass i freistnad på å etablere ein digital «plakatstolpe» på vegne av bispedømet, er det få som melder inn lenker til eigne arr. Sjølv etter at den nasjonale «plakatstolpen» www.skjerikirken.no blei oppretta, ser ein at få av bispedømet sine digitale produksjonar blir marknadsførte der. Kyrkjelydane oppgir at noko av problematikken knyter seg til forskjellige digitale plattformer.

Forskjellige plattformer

Ei tredje utfordring er at mange kyrkjelydar ikkje deler Kirkepartner-plattformen. Fleirtalet av kyrkjeleg tilsette i bispedømet brukar ikkje Kyrkjebakken eller andre av Kirkepartner sine plattformer. Dette hindrar informasjonsflyt og forvanskar informasjonen til kyrkjelege medarbeidarar. Det er ein svært viktig del av satsingsområdet «kirken på nett», at dei ulike kyrkjelege dataleverandørane greier å «snakke» med kvarandre og kan samordne slik at tid, overskot og informasjon ikkje går til spille. Ein krevjande del av 2020 har vore å overvinne dei tekniske utfordringane som ligg i ulike dataløysingar og vinne over påloggingsutfordringar og andre datagenererte problemstillingar.

6 Kyrkjeforvaltning

Møre biskop behandlar saker knytte til kyrkjebygg, kyrkjeinteriør og liturgiske plagg. I tillegg har bispedømmerådet behandla saker knytte til gravplass. Kyrkjeforvaltninga representerer ei omfattande, viktig og vital samhandling mellom lokalkyrkja og biskop/bispedømmeråd kring vedlikehald og vern av kyrkjer og kyrkjestader samt gravplassforvaltning.

2020 var avsluttande år for behandling av kyrkjebyggsaker etter den gamle kyrkelova, av di Trussamfunnslova, Kyrkjebyggforskrifta, Kyrkjeordninga og nytt kyrkjerundskriv vart nytt gjeldande lov- og regelverk frå 1. januar 2021. Kyrkjemøtet 2021 skal endeleg avgjere godkjenningssorgan og klageorgan knytt til bestemmingane om kyrkjebygg i kyrkjeordninga.

Alle endringane inneber auka innsats og koordinering på fagfeltet.

2020 var avsluttande år for behandling av gravferdssaker i bispedømmerådet, av di Statsforvaltaren (tidlegare Fylkesmannen) frå 01.01.21 overtok bispedømmerådet sine oppgåver med godkjenning av gravplassar og som klageinstans i saker knytt til gravferdslova.

DEL 4 – STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

A) HMS/Arbeidsmiljø

Sjukefråvær

Prestar	Prosent	1-3d	4-16d	16d-8u	>8u
Møre Menn	3,84	0,17	0,3	1,19	2,18
Møre kvinner	7,06	0,29	0,83	0,69	5,25
Totalt	4,56	0,2	0,42	1,08	2,87
Totalt	Prosent	1-3d	4-16d	16d-8u	>8u
Møre menn	3,92	0,19	0,42	1,07	2,25
Møre kvinner	10,85	0,34	1,01	1,48	8,02
Møre totalt	5,77	0,23	0,57	1,18	3,79
Den norske kyrkja	5,37	0,38	0,89	1,09	3,01

Det totale sjukefråværet var på 5,77 for alle tilsette i Møre for 2020. Sjukefråværet for kvinner er høgst både blant kvinnelege prestar og alle samla. Møre bispedøme sitt mål er å ha eit sjukefråvær på under 4%.

Som arbeidsgjevar er vi stort sett kjent med årsaka til sjukefråvær og har fokus på dette på alle nivå. Sjukefråværet er i liten grad koronarelatert.

Medarbeidarundersøkingar.

Det var gjennomført medarbeidarundersøking i 2019 av Rambøl på oppdrag frå Kyrkjerådet. Medarbeidarundersøkinga er følgd opp i alle prosti og på bispedømekontoret. Tiltaksplanar er utarbeidd og rapportar er sendt Regionalt Arbeidsmiljøutval (RAMU).

Gjennomgåande viser resultatet at medarbeidarundersøkinga med oppfølging er eit godt verktøy for å avdekke blindsoner i HMS-arbeidet i bispedømet. Samstundes blir det peika på behov for å etablere lik gjennomføring og oppfølging av medarbeidarundersøkinga i alle prosti i Møre bispedømme, samt på Bispedømekontoret. Det var til dels låg svarprosent og det har blitt understreka at det ligg til medverknadsplikten å delta på arbeidsmiljøundersøkingar. Koronasituasjonen var ei praktisk tillegg utfordring i samband med oppfølginga.

I si handsaming har RAMU peika på behov for standardisering. Det er stor variasjon og skilnad på korleis funna i medarbeidarundersøkinga vert følgd opp i dei ulike einingane. Ei generell utfordring er også variasjon i svarprosent. RAMU meiner det bør utarbeidast ein felles mal for korleis desse undersøkingane skal fylgjast opp systematisk.

Det var gjennomført ei avgrensa, nasjonal medarbeidarundersøking i juni 2020. Dette var særleg for å undersøke arbeidssituasjonen for prestar og tilsette på bispedømekontoret i pandemisituasjonen. Den ga innblikk i trivsel, engasjement og rammer for tenesta og ga grunnlag for å gjere tiltak. Resultatet blei handsama i møte med prostar, tillitsvalde og vernetenesta.

Rapport frå nasjonal arbeidslivsundersøkinga knytt til tilsette med LHBT-identitet er lagt fram og gjennomgått.

Arbeid med HMS

RAMU-Møre hadde 4 møte i 2020. Det foreligger egen årsrapport for HMS-arbeidet i RAMU. Det er godt samarbeidsklima mellom arbeidsgjevar og vernetenesta på regionalt og lokalt nivå. I tillegg har det i periodar vore hyppigare møte mellom biskop, vernetenesta, tillitsvalde og prostar i samband med pandemisituasjonen. Det har vore fokus på oppfølging av ROS-analyser og kontinuitetsplanlegging i en pandemisituasjon.

Rutinar for intern varsling om kritikkverdige tilhøve

Møre bispedøme følger nasjonale rutinar for varsling om kritikkverdige tilhøve og for melding om avvik. Skjema og rutinar er tilgjengelege på intranett Kirkebakken og link i Aditrosuiten. Rutinane vart mellom anna gjennomgått under introduksjonsdagen for nytilsette.

Vi vurderer at melding om avvik i for liten grad blir nytta. Vi vonar nytt, elektronisk system for avviksmeldingar kan bidra til lågare terskel for å melde avvik.

B) Likestilling

Kvinnedel i presteskap og administrasjon

31.12.2020	Kvinner	Menn	Totalt	Prosent kvinner
Møre presteskapet	15,2	46,8	62	24,52
Møre administrasjon	4,4	7	11,4	38,6

Kvinnedel i leiarstillingar, biskopar og prostar

	Kvinner	Menn	Totalt	Prosent kvinner
Møre presteskapet		2	5	28,57
Møre administrasjon		1	2	33,33

Søknader og tilsettingar av prestar i Møre bispedøme

	2019			2020		
<i>Møre</i>	Tal søknader	Av desse kvinner	Prosentandel kvinner	Tall søknader	Av desse kvinner	Prosentandel kvinner
	22	6	27%	15	9	60%

	2019			2020		
<i>Møre</i>	Tal tilsettingar	Av desse kvinner	Prosentandel kvinner	Tal tilsettingar	Av desse kvinner	Prosentandel kvinner
	6	0	0%	6	3	50%

Andelen kvinner i presteskapet er blant dei lågaste i landet. Kvinnedelen i talet på søknadar har gått opp frå 27% til 60%, og av total 6 tilsettingar i 2020 var halvparten av desse kvinner.

Sjukefråvær

Totalt	Prosent	1-3d	4-16d	16d-8u	>8u
Møre menn	3,92	0,19	0,42	1,07	2,25
Møre kvinner	10,85	0,34	1,01	1,48	8,02
Møre totalt	5,77	0,23	0,57	1,18	3,79
Den norske kyrkja	5,37	0,38	0,89	1,09	3,01

Sjukefråværet blant kvinner er vesentleg høgare enn for menn. Vi har god kontakt med dei som er sjukmelde og ser ikkje at denne situasjonen er betinga av kjønn.

Løn, kvinner si del av menn si løn

	Totalt prester	Kapellantar	Sokneprestar	Prostar og domprost	Spesialprest	Øvrige tilsette
Møre	98,4	99,9	93,7	100,3	98,2	88,1
Totalt	97,4	99,9	98,4	101,7	96,3	92,4

Det er lønsforskjellar mellom kvinner og menn, men det har andre årsaker enn kjønn. Lønssystemet for kapellantar og sokneprestar er i hovudsak basert på løn etter ansiennitet. For øvrige tilsette er løn gitt ut frå kompetanse og ansiennitet.

C) Vurdering av risiko for misleghald

Vi vurderer risiko for misleghald som liten.

Denne vurderinga er gjort med bakgrunn i det budsjettreglementet og økonomiregelverket som er vedtatt av Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Alle felles rutinar for bispedømeråda er fastsette av Felles Økonomeining (FØ). Desse rutinane gjeld for både rekneskap og løn.

Midlar til det enkelte bispedøme blir stilt til disposisjon gjennom tildelingsbrev og plan for bruk blir gjort gjennom budsjettvedtak i det enkelte bispedøme.

Det er særskilte rutinar for

- Innkjøp av varer og tenester
- Mottak og handsaming av faktura i elektronisk fakturabehandlingssystem
- Godkjenning for utbetaling
- Lønsrutinar
- Rapportering
- Tilskotsforvaltning

Alle innkjøp skal godkjennast av to personar etter nærare fastsett rutine. Avhending av inventar og utstyr skjer etter eigen rutine. Ingen tilsette på bispedømenivå har tilgang til bank. Det blir ikkje handtert kontantar.

Løn, andre godtgjersler og øvrig rekneskap blir ført i elektronisk rekneskap. Dette gir høve til stikkprøvekontrollar eller systematisk kontroll av alle vedlegg. Det er også utarbeidd internkontroll gjennom internrevisor. Bakgrunnen er at det skal vere gode interne kontrollar som kan forhindre, under dette oppdage og eventuelt korrigere styringssvikt, feil, manglar og misleghald. Rekneskapen blir revidert på rettssubjektnivå.

Det ligg til grunn delegering av budsjettdisponeringsmynde. Bispedømerådet og biskopen har vedteke delegasjonsreglement. Det ligg også føre delegasjonsreglement og underskriftsfullmakter for administrasjonen.

DEL 5 - VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

Demografi

Møre og Romsdal har ei svak auke i folketalet på 0,1% til 265.000. Det er størst vekst i Ålesund-regionen og delar av ytre Sunnmøre. Delar av indre Nordmøre og indre delar av fylket har nedgang. Framskrivinga av utviklinga viser at dei sentrale stroka har vekst og nedgang i rurale strok. Framskrivinga av befolkningssamansettinga viser at det blir fleire eldre og færre barn og unge. Talet på fødslar er redusert med 500 dei siste 20 åra. Dei siste 20 åra har det vore ei nettoinnvandring frå utlandet, men den er redusert dei siste åra. I 2020 utgjør innvandrarbefolkninga 13,4% av folketalet. Dei fleste er menn mellom 20-44 år og kjem frå Polen og Litauen. Det er venta at denne utviklinga vil halde fram.

Som kyrkje utfordrar det til korleis vi møter ulike målgrupper i ulike livsfasar og livssituasjon og med ulik kulturell bakgrunn

Arbeidsmarknaden

Folket på mørekysten er eit robust og patriotisk folkeferd. 2020 har rista grunnvollane våre, kulturen strevar, vi har mange utfordringar i kyrkje og mange av dei nye næringane kjempar for å overleve. Skipsindustrien og mykje av næringslivet er van med konjunkturbestemte svingingar, og har stor evne til omstilling.

Møre og Romsdal er eit eksportfylke. Totalt blei det i 2019 eksportert varer for 45 milliardar – nest høgst i landet. Ein stor del av dette er knytt til fiske og fiskeprodukt med 22 milliardar.

Sjølv om fylket har hatt få smittetilfelle er konsekvensane av smitteverntiltak store. Arbeidsløysa auka frå februar til juli med 131%, mest blant yngre aldersgrupper. Størst var auken innan industri, reiseliv og transport.

Det er likevel ei glede at mykje av det tradisjonelle næringslivet går bra. Sjølv i desse dårlege tidene, så er det etter tilhøva låg arbeidsløysa i bispedømet. I nokre næringar, t.d. i landbruk og fiske er det også etterspørsel etter arbeidskraft. Mange produksjonsbedrifter, t.d. i møbelindustrien har også hatt god utvikling etter den første nedstenginga og opplever at næringa har gode tider.

Det er viktig at kyrkja lokalt er kjent med situasjonen i sitt eige lokalsamfunn. Endringar kan skje raskt og det er nødvendig å endre seg i takt med samfunnet rundt.

Demokrati

Av kyrkja sine kjerneoppgåver er å setje fokus på menneskeverdet og å stå opp for urett og krenkingar. Møre biskop har gjennom koronapandemien hatt kontakt med samtlege av ordførarane, hatt ein tydeleg plass i fylkesberedskapsnemnda og løfta fram kyrkja sitt særlege tilbod i ulike samanhengar. Diakonien er aktiv i mange kommunale samanhengar og presenterer seg som ei stemme for dei som sjeldan sjølv kjem til orde.

Det er aukande problem knytt til mobbing og trakassering av dei som tar ansvar for demokratiet vårt. Fleire blir skremt frå viktige oppgåver gjennom kommentarfelta sine skremmande uttalar. Det er å stå opp for demokratiet når kyrkja forsvarar den svake og inviterer til etisk refleksjon i det offentlege ordskifte.

Det er ei glede ifrå pandemiåret at bispedømet sitt ungdomsdemokrati har hatt god utvikling. Vi fekk gjennomført ungdomsting og har fått eit motivert og godt arbeidande ungdomsråd. I tillegg har bispedømet invitert organisasjonane på plattformen "Kirkens unge" til viktige samtalar. Både sams filmskaping, brosjyreutvikling og framsnakking av kvarandre sitt arbeid

fører til at vi har kjensel av å stå saman, både når dagane fører til permittering av medarbeidarar og nedstenging og når dagane går lett og det er mykje arbeid som blømer.

Pandemiåret har vist ei samfunnskrise som knapt noko plan har teke høgde for, når ein har sett for seg ulike krisescenarior. På bakgrunn av dette har bispedømet sett i gang oppgradering og utvikling av eigne krise- og omsorgsplanar. Som nytt element i dette planverket har ein fokus på kriseorganisering av stabsfunksjonar både på bispedømenivå og i prostia. Eit anna mål i arbeidet med krise og omsorgsplanarbeidet er å få kyrkjelege medarbeidarar som faste medlemmer i kommunane sine kriseteam. Langt på veg er dette realiteten, men i somme samanhengar krevst både arbeid og argumentasjon for å få til gode løysingar.

Psykisk helse, einsemd

Med utgangspunkt i kyrkja sitt etiske engasjement og i kyrkja sitt samfunnsoppdrag vil kyrkja vere ein forskjell for dei som har ulike utfordringar. På visitasen i Hareid fekk Møre biskop oppleve og utvikle samhandling mellom kyrkja og det offentlege. I alle kommunar der det er diakonar, ser vi at desse er høgt verdsette medarbeidarar. Møre bispedøme har framleis kommunar utan diakonar. Vi treng meir tilskotsmidlar i dialogen med desse kommunane.

Bispedømet er også viktig medspelar og støttespelar for diakonale institusjonar som Kirkens SOS og Kirkens Bymisjon, og mange av diakonane samarbeider lokalt med helsevesenet.

Kyrkja har både lokalt, regionalt og nasjonalt arbeidd for at fleire kan kome saman på ein trygg måte gjennom pandemien. Å leggje til rette fellesskap og møte mellom menneske, er av kyrkja sine viktigaste oppgåver. Difor er det ei glede når kyrkjelege medarbeidarar no får kome inn i institusjonane og at kyrkjene har blitt opna for fleire enn 10 personar.

I tillegg vil vi her også nemne ein viktig arena som ofte blir borte når vi set fokus på psykisk helse og einsemd. Mange kyrkjelydar og diakonar driv viktig arbeid for psykisk utviklingshemma. Møte på desse arenaene er svært viktige for dei som tar del.

Bispedømet har også ved inngangen til nytt år starta arbeidet med å utvikle nye diakonale strategiar. Ei arbeidsgruppe er i gang og tar mål av seg til å formulere aktuelle diakonale kyrkjelege prosjekt. Langt framme i dette arbeidet er vår (nye)kunnskap om unge si psykiske helse. Det blir spennande å sjå kvar dette arbeidet fører diakonien i bispedømet.

Kyrkjelydslivet

«Får vi dei tilbake?» Vender folket tilbake til kyrkjelyd og kyrkje etterpå? Har endra vaner skapt permanente endringar? Det eksisterer ikkje noko «restart-knapp», erfaringane frå pandemien er ein premiss som ein lyt ta omsyn til når framtida si kyrkje skal finne si form.

Folkekyrkja i Møre står framleis svært sterkt! Dåpsprosenten held seg høg og medlemstalet er framleis stabilt høgt. Ingen har større oppslutning omkring utdeling av 4-årsbok og konfirmasjon. Dette gir mange gleder, og kyrkja har legitimitet og innpass mange stader og i mange samanhengar.

Men med tanke på framtidsutsiktene erkjenner Møre bispedøme at statistikkdata frå 2020 utfordrar. I trusopplæringa ringjer det alarmklokker når oppslutninga omkring fleire av tiltaka er dalande, og for Lys Vaken alarmerande låg (15%). Ei anna stor bekymring er også at samla tal for gjennomført trusopplæring er sterkt dalande, og her er Møre det bispedømet som har ligg lågast, og som har sterkast tilbakegang (SSB, tabell 2.3, frå 330 timar i 2016 til 141 timar i 2020).

I tillegg kjenner vi at statistikken utfordrar med omsyn til bispedømet sin evne til å gjere kyrkjene meir opne og tilgjengelege. Tala for opne kyrkjer og for vegkyrkjer har vore lågt, og for 2020 er nedgangen tydeleg. Vi veit at det er store feilkjelder knytt til rapportering og mykje kan sjølvstøtt knyttast til koronakonsekvensar, men samstundes erkjenner vi at bispedømet har utfordringar knytt til å gjere dei mange kyrkjene meir opne på kvardagar og for personar som søker kyrkjerommet utanfor dei tidene då det er tillyst gudsteneste og andre arrangement der.

Ei tredje hovudutfordring frå statistikktala er utfordringar knytt til nedgangen på frivillige. SSB statistikk 5.14 som ikkje er reflektert under del 3, fangar opp utviklinga av frivillige knytt til gudstenesta, til barnarbeidet og til diakonalt arbeid. Ein nedgang i 2020 på 23% (gudstenesta), på 43% i barnarbeidet og på 40% i det diakonale arbeidet gjer at Møre bispedøme er bispedømet med sterkast nedgang på desse områda. Etter pandemien ventar store utfordringar med å arbeide fram ny frivilligheit!

Det som kjem, kjem ikkje til å spegle det som var. Det er sikkert at ein ikkje kan kopiere den kyrkjelege aktiviteten frå før pandemien. Erfaringane frå 2020 sit djupt og har ført til varige endringar i måten å kome saman på og i måtar å sam-handle på. Prostar, prestar og kyrkjelege medarbeidarar har teke i bruk digitale verktøy i planlegging og i møter, slik at ein kan spare tid, kostnader og arbeid. Vi trur og vil at den digitale samhandlinga som koronaåret har skapt vil føre til varig endring. Den store utfordringa som ventar er å på ny samle små og store til fysiske møter, til å skape gode gudstenesteopplevingar og til å rekruttere til fysisk deltaking.

Digitalisering og kommunikasjon

Kan hende har pandemien ført til ei samfunnsomstilling som har gått fortare enn kyrkja har greidd å omstille seg. Kyrkja på alle nivå, har vist imponerende fleksibilitet og kreativitet, medarbeidarane har gjort ein kjempeinnsats med små ressursar og under vanskelege arbeidstilhøve.

Kyrkja har greidd å vere kyrkje, på same gamle måten, i trusopplæring og gjennom diakoni, i kyrkjerommet og knytt til gudstenestefeiring og kyrkjelege handlingar. Samstundes har kyrkja blitt synleg på nye arenaer og kyrkjelege medarbeidarar har stått fram med truverd og integritet på skjerm og i andre posisjonar og situasjonar enn elles.

Det er likevel på nokre nivå at kyrkjelege utfordringar er blitt synlege. Digitaliseringa er i sterk utvikling, kommunikasjonsmedarbeidarane aukar i tal, både på regionalt nivå og på sentralt nivå. Pandemien har sett fart i prosessane. Året har vist nokre av utfordringane som er skapt, med omsyn til informasjonsflyt, informasjonskanalar og rolleforståing på dei ulike nivå. Verda ser ulik ut, alt etter kvar ein står. Slik er det også i kyrkja vår og mangfaldet av medarbeidarar og faggrupper har aldri vore større. «Kyrkje på nett» er eit viktig satsingsområde, men det er vesentleg for kyrkja å kome fram til korleis dette satsingsområdet skal definerast og bli tydelegare i svaret på kva «kyrkje på nett» ikkje skal vere. Det er ei stor oppgåve å utvikle kyrkja slik at medarbeidarane på ulike nivå har same bilete av kva kyrkja er! Digitalisering og kommunikasjonsfaget er til stor hjelp for kyrkja. Desse nye fagområda må virke saman med dei andre fagmiljøa i kyrkja. Vi har eit stykke veg å gå!

DEL 6 - ÅRSREKNESKAP

Leiinga sine kommentarar til årsrekneskapen 2020

Innleiing

Ved utgangen av 2020 var det 82,6 årsverk høyrande til Møre bispedømeråd, fordelt på 71 årsverk prestestillinger og 11,6 årsverk administrasjon/rådgjevarstillingar. Det blir arbeida systematisk med arbeidsmiljøet for dei tilsette og i visjonsdokumentet blir dette uttrykt slik: "Medarbeidarar som ser kvarandre og tek del med nådegåver, evner og fagkunnskap". Bispedømet har rutinar for melding av avvik og varsling av kritikkverdige tilhøve.

Vurdering av vesentlege forhold

I 2020 har Møre bispedømeråd samla disponert kr 107.980.000,- etter tildeling frå Kyrkjerådet. Av dette er kr 32.277.000 øyemerka midlar til trusopplæring, diakoni, undervisning og kyrkjemusikk. Midlane er vidareformidla til fellesråd i høve til fastlagde kriterium. Tildeling frå Opplysningsvesenets fond på kr 502.000,- er nytta innanfor kriteria til kyrkjelege prosjekt i bispedømet.

Samla løns- og driftsutgifter var på kr. 71.670.000,-. Dette er kr 4.033.000,- mindre enn tildelinga frå Kyrkjerådet. Overskotet, som blir søkt overført til eigenkapital forklarar vi slik:

Presteskapet: I 2020 har det vore eit avvik mellom budsjett og rekneskap på om lag kr 3 mill. for desse postane: Reduserte reiseutgifter for prestar og kostnader knytt til ikkje gjennomførte kurs, samlingar og stiftsdagar som følgje av koronasituasjonen. Det er og brukt mindre til administrativ hjelp for prestar enn rekna med. Det har og vore ein situasjon der det er brukt mindre i vikarutgifter enn sjukepengerefusjon. Løn i faste stillingar for prestar er om lag som budsjettet.

Administrasjon: I 2020 har det vore eit mindreforbruk i administrasjonen på kr 1 mill. Dette i hovudsak som følgje av sjukefråvær utan tilsvarende bruk av vikarar. Det har og vore brukt mindre enn budsjettet i samband med reiser, kurs og fagsamlingar.

I 2020 er det ikkje gjort investeringar. Møre bispedømeråd har ikkje eigardeler eller interesser i andre verksemdar. Rekneskapen for Møre bispedøme inngår i den samla rekneskapen for rettssubjektet Den norske kyrkja, og blir revidert av revisjonsfirma Ernst og Young AS.

Molde, 12. mars 2021

Ann-Kristin Sørvik
Bispedømerådsleiar

Bjørn Olaf Storhaug
Stiftsdirektør

Nøkkeltal for årsrekneskapen

Budsjettgruppe 1A

Møre bispedømmeråd fekk i 2020 ei samla tildeling på kr 107 980 000 frå Kyrkjerådet.

Driftstildelinga for 2020 var på kr 75 703 000.

Møre bispedømmeråd har eit mindreforbruk på drift ved utgangen av 2020 på kr 4 033 000. Dette utgjer 5,3 % av tildelinga.

	Regnskap	Budsjett	Avvik
Budsjettgruppe 1A - Driftsregnskapet	31.12.2020	31.12.2020	
Inntekter	-604	-643	-39
Tilskudd/varekjøp			-
Lønnskostnader	65 940	67 791	1 851
Andre driftskostn	6 334	8 555	2 221
Sum budsjettgruppe 1A	71 670	75 703	4 033

Budsjettgruppe 1B og andre tilskot

Møre bispedømme blei tildelt kr 32 277 000 i tilskot til trusopplæring, diakoni, undervisning, kyrkjemusikk og midlar frå Opplysningsvesenets fond. Det blei utbetalt kr 19 930 000 i tilskot til kyrkjelydar til trusopplæring og kr 11 722 000 til diakonstillingar, kateketstillingar og tilskot til kyrkjemusikk. I tillegg blei det utbetalt kr 539 000 i midlar frå Opplysningsvesenets fond.

	Regnskap	Budsjett	Avvik
Budsjettgruppe 1B, 2, 3 m.fl. - Tilskudd *	31.12.2020	31.12.2020	
Trosopplæring	19 930	19 829	-101
Diakoni	5 188	6 232	1 044
Undervisning	6 348	5 549	-799
Kirkemusikk	186	165	-21
Domkirke (Oslo og Nidaros)			-
Gruppe 2 (kun KR)			-
Gruppe 3 (kun KR)			-
Annet (inkl OVF)	539	502	-37
Sum budsjettgruppe 1B, 2, 3 m.fl.	32 191	32 277	86

Særskilt om OVF-tilskotet

Tilskotet frå OVF blei tildelt på bakgrunn av søknader. Tildelinga i 2020 var på kr 502 000.

Spesifikasjon av Ovf-midlene:	2020		
OVF	Regnskap	Budsjett	Avvik
Administrasjon - 491			-
Diakoni - 492			-
Barn og unge - 493	28		-28
Gudstjenesteliv - 494	89		-89
Kirkemusikk og kultur -495	84		-84
Samisk kirkeliv -496			-
Andre fellestiltak (inkl SMM) - 497	378		-378
Internasjonale og økumeniske organisasjoner -498	-		-
	-40	502	542
Ovf total (for rapportering til Ovf)	539	502	-37



Meir himmel på jorda



Kyrkja i Møre vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus ved å vere vedkjennande – open – tenande – misjonerande

Gudsteneste

Møte den treenige Gud i forkynning, dåp og nattverd

Tene Gud

i bøn og vedkjening, tilbeding og lovsong

Utvikle kristen tru og identitet gjennom eit ope, deltakande og inkluderande fellesskap

Kyrkjemusikk og kultur

Sanse og erfare Guds nærvær gjennom eit mangfald av språk og uttrykk

Gje rom for det skapande menneske

Forvalte og fornye salmeskatten og trus- og kulturarven

Misjon

Invitere til å følgje Jesus Kristus

Ultruste kristne til å ta del i Jesu kall og oppdrag, lokalt og globalt

Erfare at vi er del av den verdsvide kyrkja - med eit felles oppdrag

Diakoni

Be og vise omsorg for nesten

Skape møteplassar med låg terskel til fellesskap og sjelesorg

Verne om skaparverket og kjempe for rettferd og menneskeverd

Undervisning

Gjere trua på den treenige Gud kjent og erfart

Invitere til dåp og gje planmessig trusoppføring for alle døypte 0-18 år

Ultruste barn, unge og vaksne til å leve som kristne



Medarbeidarar som ser kvarandre og tek del med nådegåver, evner og fagkunnskap